



# Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014-2026



Vedteke: KS 132/13

Saks nr: 12/1854

Dato: 12.12.2013



# Forord

Idrett og fysisk aktivitet er eit av dei områda som engasjerer flest menneske i fritida. Det krev ei aktiv planlegging for å ta vare på desse interessene, til dømes innan arealforvaltning, men også for å få ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. Denne planen er meint brukt som eit styringsreiskap for å få ei god og føremålstenleg utvikling innanfor idrett og fysisk aktivitet. Det er ønskeleg at planen skal bidra til auka innsikt i kommunen sin situasjon og utfordringar knytt til fagområdet dei neste fire åra. Fysisk aktivitet som eit reiskap for å nå god helse bør ha høg prioritet. I tillegg til å oppnå gode idrettsresultat og skape gode oppvekst- og bumiljø, vil fysisk aktivitet også kunne bidra til ein betre livskvalitet for den einskilde.

Ørjan R. Forthun  
Rådmann

Forord.....	1
Innleiing.....	2
1. Gjennomgåande utfordringar.....	4
2. Evaluering av førre planperiode .....	8
3. Kart (eksisterande og planlagde anlegg) .....	11
4. Mål og strategiar.....	15
5. Idrett .....	17
6. Parkar, friområde og aktivitetsanlegg .....	24
7. Uteanlegg ved kommunale institusjonar .....	31
8. Harpefossen Skisenter AS.....	34
9. Handlingsdel .....	43
10. Langtisplan.....	45

# Innleiing

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er ein langsigktig plan for utvikling, forvaltning og drift av idrettsanlegg, friområde/friluftsområde, parkar, skulegardar, leikeplassar, nærmiljøanlegg og naturområde. Denne kommunedelplanen skal bidra til å fremje utvikling i tråd med Kommuneplanen 2013-2025 sine mål for framtida.

Planen er konsentrert om fire område:

- Idrett
- Parkar, natur- og friluftsområde
- Uteanlegg ved kommunale institusjonar
- Harpefossen Skisenter

For desse områda vil prinsippa som er nemnt under kapittel to vere førande.

## **Idrett**

Dette omhandlar idrett som vert drive i regi av idrettslaga i Eid kommune og eigenorganisert fysisk aktivitet i offentlege idrettsanlegg, slik som til dømes publikumssymjing. Under punktet idrett vert også etablering av eit frisklivstilbod nemnt.

## **Parkar, friområde og aktivitetsanlegg**

Dette omhandlar parkar, friområde, badeplassar, leikeplassar, turvegar og aktivitetsanlegg. Arenaer som er lagt til rette for fysisk aktivitet og møteplassar for kulturelle aktivitetar som er opne for alle til ei kvar tid.

## **Uteanlegg ved kommunale institusjonar**

Dette omhandlar uteanlegg i skulegardar, barnehagar, ved sjukeheim og andre institusjonar.

## **Harpefossen Skisenter AS**

Dette omhandlar Harpefossen Skisenter AS, anlegg for friluftsaktivitetar i Hjelmelandsdalen.

Handlingsplanen i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet gir eit prioritettingsgrunnlag for korleis mellom anna dei statlege midlane til bygging av ulike typar anlegg innan fysisk aktivitet (spelemedilar) skal prioriterast i kommunen. Planen stettar Kulturdepartementet sitt krav om lokal prioritering og planlegging kring utbygging av anlegg.

Som **samfunnsutviklar** jobbar kommunen med å påverke det som skjer i samfunnet for å fremje positiv utvikling, med attraktive samfunn og gode levekår for innbyggjarane.

Som **forvaltar** administrerer kommunen felles verdiar. Kommunen har gjennom lovverk fått mynde til å forvalte ein del oppgåver innan sitt geografiske område.

Kommunen sine kjerneoppgåver ligg innanfor rolla som **tenesteytar**. Dette er oppgåver som skal løysast og har ei forankring i lovverk, enkeltvedtak eller gjennom kommunale vedtak. I rolla som tenesteytar skal kommunen syte for at innbyggjarane får eit tenestetilbod med rett kvalitet og kapasitet.

Planen inneholder tema som rører fleire avdelingar i kommunen, og synet viktige innsatsområde i møte



med framtidige utviklingstrekk og behov i Eid kommune. Nokre tiltak må også fastsettast i handlings- og økonomiplanar og tilhøyrande handlingsprogram innanfor dei ulike ansvarsområda i kommunen før tidspunkt for realisering vert fastsett. Innan dei ulike temaområda i denne planen er kommunen ein stor aktør med ansvar for mellom anna drift av ulike anlegg og friområde.

### Planprosess

- Planprogram (høyring 29.10.12-10.12.12)
- Vedtatt planprogram i kommunestyret 24.01.13
- Møte lag og organisasjonar 11.03.13
- Framlegg til kommunedelplan 19.09.13
- Høyring / offentleg ettersyn 20.09.13-01.11.13
- Endleg vedtak av kommunedelplanen i Kommunestyret 12.12.13

I Eid kommune sin planstrategi for 2012-2016 vart Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2012-2015 planlagt revidert i 2012/2013. I planstrategien står følgjande:

«Grunna mange innspel i etterkant av vedteken plan, bør denne planen reviderast tidleg i kommunestyreperioden. Det bør gjennomførast ei kartlegging for å få oversikt over eksisterande anlegg og område for fysisk aktivitet og naturoppleveling i Eid kommune».

### Medverknad

I arbeidet med revisjon av Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vart det organisert ulike mogelegheiter for å kome med innspel både for vaksne og barn. Innan temaet fritid, herunder idrett og fysisk aktivitet, fekk kommunen mange innspel.



Samla oversikt over innspela ligg som vedlegg til planen. Nedst på sida er ei ordsky forma på bakgrunn av dei innkomne innspela.

For mange ungdomar er det viktig å ha eit variert tilbod. Eksisterande anlegg som kunstgrasbana, idrettshallen, symjehallen, hestesenteret, ridestiar, golfbana, skiområda etc. er viktige. Ungdomen ønskjer utviding og forbetring knytt til anlegg og tilbod. Fleire innspel handlar om nye aktivitetar slik som skøytebane, bowling, tennishall, motorsport, crossbane, badeland, badeplassar, dans og liknande.

Det er spesielt to område som peikar seg ut. Det eine er mogelegheit til å nytte treningscenter med godt tilbod, gode opningstider, rimelege prisar for ungdom og variert treningstilbod. Det andre er behovet for sosiale møteplassar knytt til både idrettslege og ikkje idrettslege formål.

Blant dei vaksne er det i større grad viktig med tilrettelagde turvegar/parkering ved inngangen til turområde, at barna har trygge skulevegar og gode mogelegheiter for fysisk aktivitet i skuletida, frisklivssentral og ulike lågterskeltilbod, fysisk aktivitet for eldre, informasjon og tilrettelagde badeplassar.

Sidan denne revisjonen er ein mindre revisjon, har ikkje innspel om anlegg og tiltak vorte gjennomgåande vurderte. Ein har likevel ønskt å fange opp kva slags utvikling innbyggjarane i Eid ønskjer knytt til fritid, fysisk aktivitet og idrett gjennom tilrådning av fleire tiltak som ikkje er knytte til anleggsutbygging.

# 1. Gjennomgåande utfordringar

I dette kapittelet vert det først trekt fram nokre spesifikke og gjennomgåande utfordringar knytt til kommunen sine ansvarsområde innan idrett, park, friluftsliv, friareal og uteområde. I denne samanheng vert det fastlagt nokre prinsipp som skal leggast til grunn for all planlegging, drift, nyanlegg og forvaltning:

- Folkehelse
- Sosiale møteplassar
- Universell utforming
- Estetiske forhold og miljømessige forhold
- Brukarmedverknad

## Informasjon

I Eid kommune er det eit svært omfattande tilbod innan idrett, fysisk aktivitet og naturopplevingar. Naturen og det grøne rom byr på mange vakre og gode opplevingar. For dei anlegga og områda kommunen legg til rette for brukarane, kan god og tilgjengeleg informasjon gi betydeleg meirverdi. God informasjon aukar opplevingsverdien og fører til fleire brukarar. Slik informasjon bør vere tilgjengeleg både via kommunen si heimeside, via trykt materiell og på sentrale stadar i parkar, idrettsanlegg, leikeplassar, nærmiljøanlegg og andre aktuelle stadar. Det bør utviklast god, tilgjengeleg informasjon om tilbod innan idrett, fysisk aktivitet og naturoppleving i Eid kommune.

## Arealsituasjon

Denne planen handsamar først og fremst anlegg, område og anna tilrettelegging for fysisk aktivitet og naturopplevingar.

Skal mål og intensjonar i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet kunne gjennomførast, er det naudsynt at ein held fram med å planlegge og ta gode val når det gjeld å ta vare på dei areala ein har til idretts- og

friluftsformål, og at ein i tillegg får sikra nye areal for dei tiltaka som vert prioriterte. Dette er eit arbeid som må utførast i kommande rulleringar av kommuneplanen sin arealdel.

## Drift og vedlikehald av kommunale anlegg

Ressursane til drift og vedlikehald har ikkje halde følgje med tilveksten av nye anlegg. Dei siste åra har det heller ikkje vorte kompensert for prisstigning. Konsekvensen av dette er redusert vedlikehald på fleire område. Dette har særleg gått ut over kontroll/tilsyn og evaluering av til dømes rutinar og prosedyrar ved kommunale anlegg.

## Folkehelse



Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betre og fremje folkehelsa. I dette ligg nødvendigheita i å styrke verdiar som gir individ og grupper moglegheit for ansvar, deltaking, solidaritet, meistring og kontroll over eige liv.

Stortingsmelding. nr.16 (2002–2003), Resept for eit sunnare Noreg, definerer folkehelsearbeidet slik:

*"Folkehelsearbeid innebærer å svekke det som medfører helserisiko, og å styrke det som bidrar til bedre helse. De negative påvirkningsfaktorene virker helsenedbrytende, enten det er ting vi spiser eller drikker, eller de befinner seg i det sosiale eller fysiske miljøet rundt oss. Positive faktorer handler blant annet om styrkende faktorer i*

*miljøet rundt oss, om vårt forhold til våre nærmeste og de nettverk vi inngår i, og i hvilken grad livet oppleves å ha mening og å være forutsigbart og håndterbart."*


I januar 2013 tredde ny «Lov om folkehelsearbeid» (folkehelselov) i kraft. Lova gir mellom anna kommunen eit klart ansvar for å fremje, førebygge, kartlegge og sette i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar.

I 2013 vart også Stortingsmelding nr. 34 «Folkehelsemeldinga God helse – felles ansvar» offentleggjort. I meldinga står mellom anna:

*«Det viktigste vi kan gjøre for å styrke folkehelsearbeidet er å legge til rette for at hensynet til befolkningens helse ivaretas på tvers av sektorer. Folkehelseloven har lagt de juridiske rammene og med denne stortingsmeldingen legger regjeringen noen overordnede føringer for hvordan vi skal sikre at loven gjennomføres».*

Verdens helseorganisasjon har definert fysisk inaktivitet som framtida si store helseutfordring. Motorisert transport, stillesittande arbeid og fritidsaktivitetar har ført til at fysisk inaktivitet er ei av vår tid si største helseutfordring i den vestlege verda. Aukande inaktivitet representerer eit betydeleg helseproblem også i Noreg, og derfor ønskjer helsemyndigheita å setje auka fokus på bruk av fysisk aktivitet i førebygging og behandling. Fysisk aktivitet er viktig for god helse, både fysisk og mentalt. Noreg er ikkje i nærleiken av å tilfredsstille helsemyndigheita si tilråding om moderat fysisk aktivitet minst 30 minutt kvar dag for vaksne og ein time for barn.


### Fysisk aktivitet minst ein time dagleg



Svarprosenten er berekna ut frå kor mange elevar som har svart på spørsmålet  
11 år: < 60 % deltaking, 13 år: nær 60 % deltaking (frå Samhandlingsbarometeret)

I Eid kommune har nylege undersøkingar vist at så lite som 17 prosent av spurde 11-årige gutter, og 14 prosent av spurde 11-årige jenter driv med minst 1 time fysisk aktivitet dagleg. Lokale utviklingstrekk av målt sesjonsvekt syner at 28 prosent av menn frå Eid kommune målt i tidsrommet 2003-2009 var overvektige.


Overvekt og fedme, menn ved sesjon - overvekt inkl. fedme (KMI over 25), andel (prosent)



Henta frå Folkehelseinstituttet – kommunehelsa statistikkbank

Kommunebarometeret for Eid er eit verktøy som gir eit raskt og enkelt overordna bilet av utfordringar innan folkehelse i Eid kommune. Eit utval indikatorar er presenterte i eit statistikkbilete og syner korleis kommunen avviker frå gjennomsnittet i landet elles.

Kommunebarometeret for Eid kommune:




Henta frå SSB: kommunebarometer

For å få fleire til å bli fysisk aktive i Eid, blir det ei sentral utfordring å legge til rette område, anlegg og møtestadar på ein slik måte at folk får lyst til å bruke dei.

Et viktig ledd i dette arbeidet er å ivareta og legge til rette kommunen sine grøne område. Terskelen for å kome seg ut på tur bør senkast, og utforminga av turområda skal vere universelt utforma så langt det lar seg gjere.

Alle tema i denne kommunedelplanen er ein del av Eid kommune sitt folkehelsearbeid. Likevel skal behovet for å vidareutvikle tilbodet av anlegg i nærmiljøa nemnast spesielt. Dette gjeld både anlegg for leik og idrettslege aktivitetar, så vel som sosiale møteplassar. Det er viktig at alle har eit tilbod i nærliken av der dei bur.



Vi veit at eit mangfold av tilbod av høg kvalitet og i kort avstand vil vere med på å heve trivsel og levekår i eit område. Det er mange undersøkingar som syner at den største frekvensen av brukarar av idrettshallar- og anlegg bur innan ein radius på (inntil) 800 – 1000 m frå det aktuelle anlegget. Altså, byggjer ein eit nytt anlegg, vil aktiviteten auke blant folk som bur nærest.

I Eid kommune har det vore eit spesielt fokus på å få til gode uteområde i alle skulekrinsane. Målet med dette har vore å sikre gode leike- og rekreasjonsområde både i skuletida og i fritida. Både anlegga rundt skulane og



rundt barnehagane er tilgjengelege på kveldstid og i helgane. Ved eventuelle endringar i skulestrukturen

bør ein syte for at desse områda vert tekne vare på. Det er viktig at ein også ved ei endring av skulestrukturen ser verdien av at desse anlegga skal vere tilgjengelege for lokalsamfunnet i dei aktuelle områda.

## Sosiale møteplassar

Parkar, leikeplassar, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg er alle viktige møteplassar for folk i alle aldersgrupper som ønskjer å være ute og i fysisk aktivitet saman med andre. Desse møteplassane konkurrerer med mange andre møteplassar av ulik karakter, som til dømes internett. Møteplassar som byggjer på eigenaktivitet og som i tillegg gir god vaksenkontakt, er viktige for å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Møteplassar må vere attraktive slik at folk får lyst til å bruke dei. Dette set krav til både teknisk kvalitet, mangfald av mogelegeheter, tilgjengeleghet og ikkje minst til godt vedlikehald og reinhald. Estetiske forhold, belysning og oppleving av god sikkerheit er også svært viktig. Et trygt lokalmiljø med gode sosiale møteplassar kan være med på å styrke tilknyting i nærområdet og skape grobotn for gode opplevingar. Det er derfor viktig å sikre og vidareutvikle møteplassane og stimulere til at dei vert brukte i større grad. Eid kommune har mange potensielt gode møteplassar. Ein har sett at små justeringar kan auke bruksfrekvensen betydeleg.



## Universell utforming

Kulturdepartementet sine føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet slår fast at idrettsanlegga som hovudregel skal vere tilgjengelege for personar med nedsett funksjonsevne, både som utøvar, publikum, trenar, dommar eller arrangementteknisk personale. Departementet har også gitt ut ein eigen rettleiar om universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg.

Råd for personar med nedsett funksjonsevne bør brukast som referansegruppe i samband med planlegging av anlegg. Brukarmedverknad vil vere ein sentral faktor i kartleggingsfasen og gi dei som planlegg

og forvaltar ei større forståing for behova til dei ulike brukargruppene. Når det gjeld naturområde er nokre område universelt utforma i dag, men informasjon om dette er ofte ikkje tilgjengeleg.

I nokre tilfelle er det svært enkle tiltak som skal til for å gjere endå fleire slike område tilgjengelege for fleire.

Til dømes kan ein tydelig kant mellom gras og turvei, utan hindringar som utstikkande greiner etc. fungere som ledeline for personar med synshemmning. Å finne den rette balansen mellom estetikk, naturkvalitet og behov for å legge til rette, kan i ein del tilfelle vere ei utfordring.



*"Universell utforming er utforming av produkter og omgivelser på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpassing og en spesiell utforming"*  
(Kulturdepartementet V-0511B)

Universell utforming bør vere ein integrert del av ei heilskapleg utforming og ikkje ei «særtilrettelegging». Hovudmålet er å oppnå likestilling og deltaking for personar med nedsett funksjonsevne ved å fjerne barrierar. Medan tilgjengeleghet for personar med nedsett funksjonsevne kan oppnåast med spesielle løysningar, krev universell utforming at hovudløysninga skal imøtekome alle brukarane sine behov. Anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø skal vere tilgjengelege for alle. Det er samstundes svært stor ulikskap på den fysiske meistringsevna hos dei ulike brukargruppene. Dette må det takast omsyn til slik at vi har anlegg som kan gi alle brukargruppene eit tilbod.

## Estetikk og miljø

Det bør alltid lagast ei heilskapleg vurdering i forkant av planlegging og prosjektering av nye anlegg eller tiltak, slik at dei estetiske og miljømessige forholda vert vurderte på ein heilskapleg måte.

Det er ønskjeleg med ei funksjonell arealdisponering der bygg, idrettsanlegg, tilkomsttilhøve, veg, parkering og grøntanlegg/planting er ein del av ein god og samlande heilskap. Anlegga må i tilstrekkeleg grad ta omsyn til omgjevnadene, både når det gjeld innpassing i natur- og kulturlandskap og samspel med eksisterande bygningar i området rundt. Det er difor viktig at eventuelle inngrep i naturen vert utførte skånsamt og at anlegga/bygget vert avslutta mot terrenget på ein god måte. Anlegga bør ha nok areal til vegetasjon, planting og buffersoner mot naboar. Det er viktig å ha eit medvite forhold til staden sin eigenart når det gjeld bygningsstruktur, takformer, fargar og liknande til omkringliggende bygningar. Ved planlegging av nye anlegg og tiltak, skal konsekvensar for natur- og miljøverdiar skildrast. I område som er særleg viktige for vern av natur eller biologisk mangfald bør konsekvensar vurderast etter "føre var" prinsippet.

Støy og anna ulempe for nabolaget vil ofte følgje med eit aktivitetsanlegg. Det er avgjerande at kommunen tenkjer konfliktførebygging i så stor grad som mogleg. Dette kan ein best nå ved open kontakt med naboar og og bruk av avbøtande tiltak som gjerder, kanalisering av trafikk, støyveggar etc.. Konsekvensen kan vere dyrare anlegg og meir ressurskrevjande planleggings- og prosjekteringsprosess, men i sum eit betre anlegg med mindre ulemper for naboane.

## Brukarmedverknad

For å fange opp dei ulike interessene, er det viktig å få med brukarane i planlegginga av område og anlegg. Brukarmedverknad er med på å skape betre tilrettelagde anlegg, brukarar med eit sterkare eigarskap til område og anlegg, og at ein unngår moglege konfliktar. Brukarmedverknad skal gjennomførast i alle prosjekt for utvikling av nærmiljøanlegg, parkar, friområde og idrettsanlegg. Brukarmedverknad skal dokumenterast.

## 2. Evaluering av førre planperiode

Som ein del av planprosessen, er det gjennomført ei evaluering av førre plan: Kommunedelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse i Eid kommune 2012-2015.

Evalueringa kan delast i to. Den eine delen gjeld tekstdel og strategiar som er nemnde i denne, den andre gjeld Handlingsprogrammet 2012-2015 som styrte tildelingane til anleggsutviklinga.

Teksten i førre plan var ganske omfattande, planen var 80 sider. Mykje av informasjonen var knytt til nasjonale og regionale føringar, oversikt og analyse av innkomne innspele og krinsvise oversikter over område og anlegg. Denne oversikta har vore noko krevjande og det har ikkje gjeve tilfredsstillande oversikt over meir konkrete tiltak ein ynskjer å setje i verk.

Det er ikkje gjennomført noko konkret undersøking som kan stadfeste korleis ein har jobba ut i frå strategiane som er nemnde i førre plan. Likevel har ein gjennomført ein del tiltak i kraft av einskildvedtak i kommunestyret, formannskapet, og administrative vedtak. Nedanfor er ei liste med døme på tiltak som har vore gjennomførte.

- Medfinansiering til årleg vedlikehaldsfond turvegar og stiar kr 15 000,- (Hjelmelandsdalen/Harpefossen) Arkivsak 11/1371-2
- Auke årleg driftstilskot til Harpefossen Skisenter AS frå kr 47 000,- til kr 147 000,- Arkivsak 11/1961 – 1 og til kr 200 000,- Arkivsak 13/1249
- Årleg driftstilskot Eid idrettspark BA kr 100 000,- Arkivsak 12/184-1

- Tilskot på kr 300.000,- til Harpefossen Skisenter AS. Tilskotet skal vere delfinansiering av refinansiering av utbygging på Furuhågane. F-sak 110/11
- Tilskot til dekking av rentekostnader på kr 145.000 til Harpefossen Skisenter AS. Arkivsak 13/795
- Investeringstilskot på kr 300 000,- til bygging av ny parkeringsplass ved Harpefossen Skisenter AS. Arkivsak 12/1924
- Tilskot til Eid ungdomskule for bygging av ballbinge kr 200 000,-. Arkivsak 13/1057
- Forskotering av spelemidlar, i prosjekt bygging av ballbinge ved Haugen skule frå Eid kommune til HDBUL (Haugen og Dalen bygdeutviklingslag) kr 200 000,-. Administrativt vedtak.
- Tilskot til gjennomføring av NM-Fjordhest 2013 kr 10 000,-. Arkivsak 12/2384
- Simpel kausjon på til saman kr 1 275 000,- til Eid idrettslag i samband med bygging av kunstgrasbane ved Valhall. Arkivsak 12/1709

Det var ikkje lagt inn økonomiske verkemiddel frå kommunen sin side i førre plan, men dei siste åra har kommunen yt stønad til ulike aktørar. Fleire tiltak har vore knyte til spelemiddelsøknader. Kommunen har vore til hjelp med lånegarantiar, forskotering av spelemidlar og mva. kompensasjon. Tiltaka har vore handsama politisk og administrativt utan kopling til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Det er ønskjeleg at Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet også skal ta opp i seg denne type tiltak i ein planperiode. Ved å ta det inn i handlingsplanen vert det meir tilgjengeleg for ulike aktørar og økonomisk føreseieleg for kommunen. Slike tiltak er viktige verkemiddel og vert difor omtala som ein del av strategiane til kommunen vidare i plandokumentet.

Handlingprogrammet i førre planperiode var forholdsvis ambisiøst, samtidig som det viser stor aktivitet i kommunen.

Naturleg nok er ikkje alle prosjekta gjennomførte, noko som delvis skuldast manglande eigenfinansiering, avgrensa kapasitet eller endra føresetnader i løpet av planperioden. Nokre prosjekt har difor vorte flytta fram i tid og kjem igjen i handlingsprogrammet for denne planperioden.

Anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø som er bygde eller rehabiliterte i perioden etter 2012, har utløyst kroner 2 296 000,- i spelemedialar.

<b>Handlingsprogram 2012-2015</b>	<b>Idrett</b>	<b>Parkar, friområde, aktivitetsanlegg</b>	<b>Uteanlegg</b>	<b>Harpefossen Skisenter as</b>
<b>Stokkenes Golfpark BA Golfbane 9 hol</b>	F + T			
<b>Norsk Fjordhestcenter AS Ridehall</b>	F + T			
<b>Harpefossen Skisenter skitrekk Furuhågane</b>				F
<b>Harpefossen Skisenter servicebygg Furuhågane</b>				F
<b>Harpefossen Skisenter alpinbakkar Furuhågane</b>				F
<b>Harpefossen Skisenter renovering/utviding turløype/lysløype</b>				F + T
<b>Fellesanlegget Tua renovering av servicebygget</b>				
<b>Eid IL fotball kunstgrashbane utandørs v/ Vallhall</b>	F			
<b>Skyttarlaga i Eid innadørs miniatyrskytebane på Mehl</b>				
<b>Eid IL Skigruppa forlenging av lysløype Stigedalen</b>	F + T			
<b>Eid kommune Ridesti Hogaåsen</b>				
<b>Fellesanlegget Tua renovering av standplassar</b>				
<b>Eid kommune turveg Eidselva</b>				
<b>Rehabilitering av stallhus Øyane</b>				
<b>Harpefossen Skisenter rehabilitering fjellheiser</b>				
<b>Harpefossen Skisenter utb Furuhågane og Høgebakkloypa</b>				
<b>Harpefossen Skisenter turveg frå Mørgvegen til Tippabrua</b>				F + T
<b>Espe skytebane elktr.skiver 200m</b>				
<b>Harpefossen Skisenter ridesti Fossane -Kvandalsvegen</b>				
<b>Harpefossen Skisenter ridesti Fossane - Tippaskarråsa</b>				
<b>Harpefossen Skisenter ridesti Fossane Tippadalsvegen</b>				
<b>Eid kommune - Baderampe for funksjonshemmede</b>				
<b>Harpefossen Skisenter familietrekk (Banktrekket)</b>				
<b>Haugen skule ballbinge</b>			F + T	
<b>Eid ungdomsskule ballbinge</b>			T	
<b>Haugen IL Klenkarberget fleirbruksområde (hopp og kast)</b>				
<b>Eid kommune skatepark</b>		T		
<b>Haugen IL Klenkarberget fleirbruksområde (laup)</b>				
<b>Eid kommune Badstuplassen marknads plass</b>				
<b>Eid kommune Nordgårdane fleirbruksområde inntil 2400 m2</b>				
<b>Harpefossen Skisenter Downhill løype Furuhågane (sykkel)</b>				F + T

F:ferdig, T:tildelt spelemedialar, blank – ikkje gjennomført

Gjennomgangen av planen viser at vi har ein planstyrt prosess i samband med anleggsutbygging. Ein har følgt eit system der dei anlegga som har stått lengst på lista (søknadsår for spelemidlar) har vorte prioriterte først. Såleis har planen gitt ei god oversikt over kva slags anlegg som står for tur og kva som har vore i vente.

Planen viser også at skulane i kommunen har fått fleire nærmiljøanlegg, og alle skulane har no motteke tilskot for utbygging av ballbingar. Når det gjeld ordinære anlegg, har dei store anlegga vorte realiserte. Nokre tiltak som til dømes miniatyrskytebane på Nordfjordeid, har vorte vidareførte i kommande planperiode og har blitt meir konkrete i planane. Planen viser at private aktørar i all hovudsak står for utbygginga av anlegg i kommunen. Harpefossen Skisenter AS er ein av dei største anleggsutbyggjarane i kommunen. Dei har satsa mykje dei siste åra og byggjer anlegget både for sommar- og vinteraktivitetar.

### **Uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

I sin høyringsuttale til førre planrevisjon påpeikar mellom anna fylkeskommunen følgjande:


- Handlingsprogrammet er mangelfullt når det gjeld tiltak og aktivitet som ikkje er knytt opp mot anleggsutbygging.
- Mangelfull konkretisering av korleis fysisk aktivitet for alle skal gjennomførast i praksis på dei arenaer som planen omtalar.
- Framlagt handlingsprogram er ufullstendig.
- Ønskjeleg med nærmare beskriving av infrastruktur knytt til fysisk aktivitet i sentrum og i krinsane.

Det har ikkje vore tid til å sjå nærmare på alle innspela i denne revisjonen. Det er hovudsakleg jobba med punkt ein. Punkt fire vart innarbeidd før vedtak av førre plan. Vi ønskjer å sjå nærmare på resterande punkt ved neste revisjon av planen.

## 3. Kart


## Eksisterande anlegg

Utsnitt Eid vest




## Eksisterande anlegg

### Utsnitt Eid aust



1 Naturgrasbane	49 Skytebane	98 Baderampe
2 Friidrett	50 Skytebane	99 Idrettshall
3 Hestesport	51 Miniaturskytebane	101 Delanlegg friidrett
4 Golf	52 Skiskyting	102 Sandvolleyball
6 Hestesport	53 Skiløype	103 Lysløype
7 Badeplass	55 Grusbane	104 Snøproduksjon
8 Kunstgrasbane	56 Sandvolleyball	105 Tursti
9 Naturgrasbane	57 Skileik	106 Alpinløype
10 Sandvolleyball	59 Barnebakke	107 Skiheis
11 Sandvolleyball	60 Alpinløype	108 Varmestove
12 Sandvolleyball	61 Alpinløype	109 Skileik
13 Ballbinge	62 Alpinløype	110 Rulleskiløype
14 Ballbinge	63 Lysløype	
15 Ballbinge	64 Varmestove	
16 Ballbinge	65 Turløype	
17 Ballbinge	66 Turløype	
18 Skatepark	67 Turløype	
19 Ballbinge	68 Sykkelløype	
20 Ballbinge	69 Terrengpark	
21 Grusbane	70 Terrengpark	
22 Skiskyting	71 Terrengpark	
23 Idrettshus	72 Buldrevegg	
24 Agility	73 Varmestove	
25 Skytebane	75 Turløype	
26 Skileik	76 Skicross	
27 Langrenn	77 Delanlegg friidrett	
28 Turløype	78 Delanlegg friidrett	
29 Gymnastikksal	79 Delanlegg friidrett	
30 Grusbane	80 Hestesport	
31 Idrettshall	81 Skatepark	
32 Kunstgrasbane	82 Klatrevegg	
34 Symjehall	83 Balløkke	
35 Sansehage	84 Tursti	
36 Idrettshus	85 Friluftsliv	
37 Skytebane	86 Tursti	
38 Ridesenter	87 Tursti	
39 Naturgrasbane	88 Tursti	
40 Gymnastikksal	89 Tursti	
41 Aktivitetsanlegg	90 Grusbane	
42 Gymnastikksal	91 Tursti	
43 Grusbane	92 Servicebygg	
44 Idrettsplass	93 Miniaturskytebane	
45 Gymnastikksal	94 Ridesti	
46 Grusbane	95 Tursti	
47 Idrettshus	96 Stall	
48 Skytebane	97 Skytebane 200m	

## Planlagde anlegg 2014-2017



Sandvolleyballbane

Miniatyrskytebane  
Ridesti  
Renovering stall  
Turveg Eidselva  
Baderampe for  
funksjonshemma  
Fleir brukshall

Renovering av  
eksisterende  
anlegg,  
skiskyting

## 4. Mål og strategiar

Innbyggjarane vel å vere  
meir fysisk aktive!

### Kommuneplanen - strategiar knytt til utvikling innan idrett og fysisk aktivitet

Dese strategiane er henta frå kommuneplanen sin samfunnsdel og dannar grunnlaget for utvikling av tiltak under dei ulike områda i planen.

#### Samfunnsutviklar:

- Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar, med hovudfokus på barne- og ungdomsaktivitetar (punkt 2.2).
- Stimulere anleggsutbygging som skaper fysisk aktivitet, med fokus på anlegg i nærleiken av skulane og bustadområde (punkt 2.4).
- Støtte opp om utvikling av Harpefossen (punkt 4.15).
- Sikre og legge til rette for tilgang til natur- og friluftsopplevingar for alle (punkt 5.5).
- Støtte opp om aktive og inkluderande fritidsaktivitetar (punkt 5.6).
- Fremme positiv utvikling og dyrke fram dei gode initiativa gjennom samarbeid med "eldsjeler" (punkt 5.7).


#### Forvaltar:

- Planlegge kontakt mellom naturområde og barnehage og skule (punkt 2.5).
- Legge til rette for trygge kommunikasjonsårer for gåande og syklande (punkt 5.8).
- Legge til rette for aktiv livsstil og auka friluftsliv ved å knyte saman sentrum og bustadområde med friluftsområde (punkt 5.9).

- Legge til rette for auka bruk av strandsona og fjorden (punkt 5.10).
- Legge til rette for aktiv og berekraftig bruk av naturen (punkt 5.13).
- Legge til rette for hesteaktivitetar (punkt 5.16).
- Sikre friområde i sentrum (punkt 5.17).
- Planlegge for utvikling av uformelle møteplassar (punkt 5.18).

#### Tenesteytar:

- Aktivt bruke friluftsområde i nærleiken av barnehagar og skular (punkt 2.11).
- Formidle oppdatert og relevant informasjon som kan virke førebyggande for innbyggjarane si psykiske og fysiske helse (punkt 3.6).
- Motivere innbyggjarane til å ta ansvar for eiga helse (punkt 3.7).
- Ha eit spesielt fokus på barn og unge i førebyggande arbeid (3.14).
- Stille lokale til disposisjon for fysisk og kulturell aktivitet (punkt 5.22).



Under kvart område vil dei ulike tiltaka bli markerte med kva slags strategi dei er knytte til gjennom referanse til dei punkta som er brukte i inndelingane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Tiltaka vil også bli sett opp i handlingsdelen bakerst i dokumentet.

## **Utdjupande strategiar i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet**

I denne kommunedelplanen vert det i tillegg gitt utdjupande strategiar knytt til dette området. Desse er baserte på dei gjennomgående utfordringane som er skisserte i førre kapittel. Strategiane for denne kommunedelplanen vil vere i tråd med strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel.

### **Samfunnsutviklar**

- Bruke Råd for funksjonshemma og Eid ungdomsråd som referansegruppe i samband med planlegging av nye anlegg.
- Syte for at det ved planlegging av nye anlegg og tiltak vert skildra konsekvensar for natur- og miljøverdiar. I område som er særleg viktige for naturvern eller biologisk mangfald skal konsekvensar vurderast etter "føre var" prinsippet.
- Brukarmedverknad i alle prosjekt for utvikling av nærmiljøanlegg, parkar, friområde og idrettsanlegg
- Syte for at det vert gjort ei heilskapleg vurdering med omsyn til estetiske og miljømessige forhold i forkant av planlegging og prosjektering av nye anlegg/tiltak .
- Legge til rette område, anlegg og møtestader på ein slik måte at folk for lyst til å bruke dei
- Gjere kartleggingar innan idrett og fysisk aktivitet knytt til korleis vi kan møte utfordringane innan folkehelse .
- Støtte opp om frivillig sektor gjennom direkte økonomisk stønad (enkeltvedtak).
- Støtte opp om utbyggjarar av anlegg for fysisk aktivitet gjennom høve til å søkje om lånegaranti, forskotering av spelemidlar eller eventuelt forskotering av momskompensasjon.

### **Forvaltar**

- Ta vare på dei areala ein har til idretts- og friluftsformål.
- Sikre nye areal for dei tiltaka som vert prioriterte.
- Syte for at anlegg har nok areal til vegetasjon/planting og buffersoner mot naboar.

- Syte for at det i all arealplanlegging og forvaltning, vert sikra areal til variert fysisk aktivitet og oppleving som ein del av bumiljøet/nærmiljøet.  
Ved omdisponering av slike areal vil ein skaffe erstatningsareal.  
Ved omdisponering av areal i område som ikkje er avsette til slikt formål, men som ein kjenner til vert brukt til slikt formål, skal ein også vurdere å skaffe eit erstatningsareal.
- Gjere universell utforming til ein integrert del av ei heilskapleg utforming og ikkje ei «særtilrettelegging» .

### **Tenesteytar**

- Gjere informasjon om anlegg, område og tiltak som kommunen legg til rette for fysisk aktivitet, tilgjengeleg for brukarane.
- Kvalitetssikre at nye anlegg ikkje vert realiserte utan at ressursar til drift og vedlikehald vert ivaretatt.
- Arbeide for at terskelen for å kome seg ut på tur vert senka og at utforminga av turområda er universelt utforma så langt det lar seg gjere.
- Gjere allereie eksisterande anlegg som ikkje er universelt utforma tilrettelagde og tilgjengelege for alle.
- Syte for at nye idrettsanlegg som vert bygd med garderobar, vert bygd slik at garderobane enklast mogleg kan nyttast av publikum som driv eigenorganisert trening, eller idrettslag som driv trening på andre anlegg i nærleiken.
- Arbeide for at område avsett til variert fysisk aktivitet og oppleving, i nærleiken av bustadområde, vert tilrettelagde for aktivitet.

### **Resultatmål – fireårs perspektiv**

- Alle dei som får «grøn resept» får eit tilbod fra kommunen innan tre veker (K).
- 50% av alle elleve og tretten-åringar skal vere fysisk aktive minst ein time dagleg (FK).
- 50% av alle vaksne er minimum fysisk aktive i 3,5 timer pr. veke (K).

*Korleis sjekkar vi om vi har hatt ei utvikling i tråd med målet?*

# 5. Idrett

I omgrepet idrett i denne planen ligg både breidde- og eliteidrett:

- Idrett som vert drive i regi av idrettslaga i Eid kommune; det vi definerer som organisert idrett. Dei aller fleste idrettslaga i Eid kommune er organiserte i Norges idrettsforbund (NIF).
- Eigenorganisert idrett som vert utført i idrettsanlegga våre, slik som til dømes publikumssymjing.

Under **anleggsdelen** tilrår ein prioritering av

- Ny kunstgrasbane ved Valhall
- Ny fleirbrukskall Nordfjordeid skule

Dei aller viktigaste **tiltaka** er:

- Reduksjon i halleige
- Informasjonsbrosjyre

Kommunen har eit rikt idretts- og kulturliv med eit mangfold på meir enn 150 lag og organisasjonar. Mellom desse står idretts- og friluftslivsorganisasjonane fram som ei allsidig og sterk gruppe. I kommunen er det registrert 14 idrettslag, under Eid idrettsråd, med i alt 2252 aktive medlemer.

Idrettslaga som er tilslutta Noregs idrettsforbund vel representantar til Eid idrettsråd, som er paraplyorganisasjonen for idrettsorganisasjonane. På årsmøte vel representantane eit styre. Styret for idrettsrådet arbeider med ulike saker som er av særleg interesse for idretten i kommunen. I høve til kommunen kjem idrettsrådet med innspel til planar og

prioriteringar, dei fordeler kulturmidlar og gjev fråsegn om prioritering av søknader om spelemidlar.

**Ved neste revisjon av kommunedelplanen er det ønskjeleg også å vite noko om:**


- \* Idretten sitt arealbehov i samband med bygging av nye idrettsanlegg.
- \* Samla behov/utfordringar (til dømes økonomi, tilgang til sanitæranlegg, drift og vedlikehald av idrettsanlegg, treningsstider og leige av kommunale anlegg) for idretten i kommunen.

I kommunen er desse laga og organisasjonane registrerte i Norges idrettsforbund.

NIF registrerte idrettslag (grupper)	Aktivitetstall		
	2004	2008	2012
Eid IL	873	945	1022
Volleyballgruppe			
Ski			
Orientering			
Handball			
Gymnastikk og turn			
Friidrett			
Fotball			
Eid Pistolklubb	4	10	36
Skyting			
Eid Symjeklubb	117	63	211
Haugen IL	274	658	381
Ski			

Handball			
Friidrett			
Fotball			
<b>Heggjabygda IL</b>	71	80	77
Skiskyting			
Ski			
<b>Heia IL</b>	221	140	156
Volleyball			
Friidrett			
Fotball			
<b>Stårheim IL</b>	378	263	331
Trim og Mosjon			
Skiskyting			
Ski			
Handball			
Friidrett			
Fotball			
<b>Von IL</b>	66	63	59
Ski			
Orientering			
Friidrett			
Fotball			
<b>Eid Ride- og køyrekklubb</b>	87	100	172
Riding			
<b>Kjølsdalen IL.</b>	231	156	72
Handball			
Fotball			
<b>Eid Dykkarklubb</b>	35	19	26
Dykking			
<b>Nordfjord Golfklubb</b>	1411	854	327
Golf			
<b>Nordfjord Sportskytтарlag</b>	26	11	18
Skyting			
<b>Nordfjord Taekwondoklubb</b>	46	43	34
<b>SUM</b>	<b>3840</b>	<b>3405</b>	<b>2922</b>

størst grad er aktive i organiserte lagidrettar. Vaksne driv oftare eigenorganiserte individuelle aktivitetar utan krav til spesielle anlegg. Barn og unge er dei som i størst grad deltek i organiserte aktivitetar i Eid.



Talaksen syner talet på medlemer

Dei største endringane i trenings- og mosjonsvanar skjer i alderen 15-19 år. Både kommunen og idrettslagene har eit ansvar for å gjere noko med dette. Dersom det er eit mål å auke aktiviteten blant ungdom, må ein sjå kva for aktivitetstilbod som finst, og kva denne gruppa ønskjer. Det kan vere at denne gruppa er meir aktive på andre område enn det som vert registrert gjennom idrettsregisteringa.

**Ved neste revisjon av planen er det ønskjeleg å sjå nærmare på kva slags strategiar og mål ein kan jobbe med får å få fleire ungdomar i fysisk aktivitet i kommunen.**

Om vi trekkjer ut svingingane som skuldast fjernmedlemmer i golfklubben, har den totale medlemsmassa i idrettsorganisasjonane i kommunen vore stabil med pluss-minus 100 medlemer dei siste 10 åra.

Fysisk aktivitet vert utført på ulike vis i ulike aldrar. Statistisk sentralbyrå har gjennomført fleire undersøkingar som viser at det er barn og unge som i

**Fotball** er den største einskildidretten og engasjerer mange, både organisert og uorganisert. Idrettslaga i kommunen har grupper som driv med fotball i aldersbestemte grupper. Mange sluttar med fotball i 13-19 års alderen, idrettslaga bør prioritere å auke aktivitetsnivået for denne aldersgruppa. Fotball er likevel den idretten, saman med handball og riding, som aktiviserer flest ungdom frå 13-19 år.

I Eid kommune er det registrert 16 baner med ulik storleik, av desse er det 6 som kan nyttast til seriekamper. I tillegg kan dei fleste baner nyttast til sjuarfotball. Ved Eid Idrettshus er det bygd ei krøllgrasbane med undervarme frå Fjordvarmeprosjektet.

Fotballen i kommunen har i større og større grad blitt sentralisert inn mot sentrum. Eid IL Fotball har snart ansvaret for alle laga frå aldersgruppa 11 år og oppover. Fotball har i større grad enn tidligare blitt ein heilårsidrett med endra behov. Eid IL fotball har stort behov for fleire treningsbaner og kamparenaer for aldersbestemt fotball. Eid idrettspark er svært pressa frå oktober til mai. Fotballgruppa er i gang med å legge kunstdekke på grusbana bak Valhall. Forholda der er lagt til rette med opparbeidd fotballbane og lysmaster. Kunstgrasbana vil også kunne fungere som eit nærmiljøanlegg i sentrum for andre aktørar som til dømes skular og barnehagar.



Kommunen har fått tilbakemeldingar om at fotballen i Eid har utfordringar knytt til vedlikehald av anlegg og med treningskapasitet knytt til fotballanlegga.

**Friidrett** er, med få unntak ei idrettsgrein som strir i motbakke både lokalt, regionalt og nasjonalt. Rekrutteringa til friidretten er heller svak. Det er ein nasjonal trend at barn og unge i stor grad satsar på lagidrettar framfor individuelle idrettar. Friidrett mistar mange aktive når dei kjem i 13-19 årsalderen, og bør derfor prioritere tiltak som kan auke aktiviteten i denne aldersgruppa.

På Eid stadion er det ei løpebane på 400 meter (5 baner) med grusdekke. I tillegg er det anlegg for tekniske øvingar. Anlegget vert nytta av friidrettsgruppa og av alle skulane i Eid. Friidrettsdelen av Eid stadion er drifta av friidrettsgruppa i Eid idrettslag. I 2005/2006 var Eid Stadion rehabiliterert. Det vart lagt ned drenering, og løpebana vart teken att og fekk riktig form. I samband med utarbeidning av desse planane var det skissert ein del to av prosjektet. Dette innebar at speleflata for fotball skulle rehabiliterast (nytte ny drenering), og at tilhøve for dei tekniske øvingane skulle forbetrast.

Elles er det små delanlegg for friidrett ved Eid stadion, på Haugen, på Stårheim, i Heggjabygda og i Holmøyane - og for så vidt ved alle barneskulane i kommunen.

Haugen IL bygger ut tre nærmiljøanlegg på Klenkarberget stadion. To anlegg med friidrettslege formål og ei sandvolleyballbane.



**Symjing** Eid symjeklubb er ein aktiv organisasjon som syter for mykje aktivitet i bassenget i Eid idrettshus.

Symjeklubben aktiviserer mange barn i alderen 6-12 år, men svært mange sluttar med organisert symjing når dei kjem i aldersgruppa 13-19 år.

I Eid kommune er det basseng i Eid idrettshus. Bassenget vart bygt i 1979 med måla 12,5x25 m.

## **Skiidrett/Skiskyting** Områda ved Harpefossen

Skisenter i Hjelmelandsdalen, ved Tua/ Fladalen og i Heggjadalen er dei største vinterutfartsområda i Eid kommune. Alle tre stadane vert det preparert og køyrt opp løyper for ulike typar skiaktivitetar. Elles vert store delar av fjellområda i kommunen nytt til skiturar. Skiidrett er ein av dei få aktivitetane som aktiviserer den yngste gruppa opptil fem år. Mange sluttar i 13-19 års alderen, men samtidig ser vi ein auke for skiskyting, slik at for gutane held skiaktiviteten seg stort sett oppe.

Unge skiskyttarar frå Eid hevdar seg godt både i regional og nasjonal samanheng. Det er i dag bane for skiskyting ved Harpefossen Skisenter og ved Fellesanlegget på Tua.

## **Fellesanlegget Tua**

Anlegget er kommuneanlegg for aktivitetane knytt til anlegget. Lysløypa på Tua vart rehabilert i 1999. Løypetraseen vart forlenga og gjort breiare for å stette krava til breidde ved skiskyting. Nye krav til funksjonalitet tvingar fram renovering av standplassanlegget og skyttarhuset.

Fellesanlegget – Tua har vore utbygd i fleire omgangar, og dei ulike utbyggingane går inn i ein heilskap slik anlegget framstår i dag. Formålsparagrafen til Fellesanlegget – Tua, som er eit partslag eigd av Eid idrettslag, Eidsbygda skyttarlag, Heggjabyd idrettslag,



Heia idrettslag og Eid jeger og fiskarlag, er å legge til rette for idrett og friluftsliv. Det er eit mykje nytt alegg både vinter og sommar.

Eid Idrettslag Skigruppa ønsker å oppgradere lysløypa på Tua. Oppgraderinga består i breiddeutviding av eksisterande trase og samanknyting av eksisterande

lysløype med ei sløyfe av NM- løypa frå 2002, samt oppsetting av 17 nye lyspunkt på denne sløyfa som ikkje har lys pr. i dag. Arbeidet er i gang, men ikkje ferdigstilt.

**Skyttarsport** Skyting er ved sidan av fotball, den idretten i kommunen som har størst anleggsdekning og som aktiviserer mange. Det er registrert 596 skyttarar i Eid kommune i 2010.

Fellesanlegget Tua har status som kommuneanlegg / hovudanlegg for skyting i Eid. Tua er det anlegget som har den største skivekapasiteten og har vore arena for mange store stemner: Noregscup, Vestlandsmeisterskap, Landsdelsmeisterskap, etc. I tillegg har Eid Jeger og Fiskeforeining arrangert fleire Noregsmeisterskap på anlegget. I 2011 vart det arrangert NM i jaktfelt ved Fellesanlegget på Tua.

Eidsbygda skyttarlag har anlegg på Tua med 22 skiver på 300 meter (manuelle), 16 elektroniske skiver på 200m og 10 elektroniske skiver på 100 meter (eigd saman med Eid jeger og fiskeforeining).

Som ein del av Fellesanlegget Tua, har Eid jeger- og fiskeforeining skyteanlegg for:

- Flyttbare mål på bane (storpiltbane)
- 2 Leirduebaner
- Jaktfeltbane
- Feltskyting (eigd av Eidsbygda skyttarlag)

Haugen skyttarlag har tilsvarande anlegg med 10 skiver på 300 meter og 10 skiver på 100 meter. I løpet av det siste året har standplassbygget blitt totalrenovert, også med støyskjermingstiltak, skyttarane har blitt delt inn i båsar på 2-3 plassar. Espe skytebane er sentralanlegg for elektronisk stang og felthurtigskyting, ferdigstilt i 2011 og ny standplass 100m og 200m også ferdigstilt 2011. Kvart år vert to av dei største skyttarstemna i distriktet arrangerte med Haugen og Eidsbygda som arrangørar. Her deltek opp mot 150 skyttarar frå heile Nordvestlandet. Dette hadde ikkje vore mogleg utan to komplette anlegg.

I tillegg er det skytebane på Hunvikfjellet og Lote, og mindre anlegg på Torheim, i Heggjabyd, på Stårheim

og i Kjølsdal. Lote og Nes har innandørs miniatyrskytebaner.

Haugen skyttarlag ønskjer å opprette elektroniske skiver på 200m slik at anlegget vert komplett og meir brukarvennleg. Anlegget vert då komplett for DFS skyting.

Skyttarlaga i Eid har dei seinare åra hatt god rekruttering og fått fram mange gode skyttarar. I Nordfjord er det i Eid kommune ein finn den største breidda, og den kommunen som har flest rekruttar som hevdar seg på toppnivå både regionalt og nasjonalt. Fleire av laga har gode anlegg for trening og stemne utandørs i sommarhalvåret, men er dårleg stilte når det gjeld miniatyrbane og innandørs trening om vinteren. Luft- og miniatyrskyting er dei yngste si første kontakt med idretten, og er basis for all vidare skyteaktivitet. For alle skyttarar er miniatyrtreninga ei rimeleg treningsform, og denne vinteretreninga er grunnlaget for hovudsesongen om sommaren.

I Eid kommune har vi no to små baner der laga har investert i elektroniske skiver. Kapasiteten på desse banene er for liten til den aktiviteten laga har, og sanitærforhold og andre fasilitetar er dårlege eller manglande. Banene er og i minste laget og lite representative for å arrangere lokale stemne, og større regionale stemne er uaktuelle å legge til Eid slik situasjonen er no.

Skyttarlaga i Eid ser eit stort behov for eit sentrumsnært innandørs skyteanlegg. Skyttarlaga ønskjer å bygge ut ei miniatyrskytebane på Mehl for å sikre rekruttering, fleire aktive skyttarar og å halde oppe nivået på dei gode skyttarane laga har.

**Hestesport** Aktiviteten kring hest er i Eid kommune stor. Norsk Fjordhestsenter, hestelina ved Fjordane folkehøgskule saman med ein godt etablert ride- og køyrekubb, er dei viktigaste årsakene til denne store aktiviteten. Mange jenter i 13-19 årsalderen driv med riding, og det er viktig at jentene i denne alderen har eit godt tilbod, sidan mange jenter sluttar med fysiske aktivitetar i denne alderen. Norsk Fjordhestsenter er eigd av Eid kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune

og Norges Fjordhestlag. Anlegget ved senteret har 50 stallplassar og 2 innandørs ridehallar.

Tildeling av spelemidlar til ridehall var 500 000,- i 2011 og 330 000,- i 2012.



I Øyane ved Eid stadion er det stallar med 29 plassar. Her er det og treningsfelt for sprang, dressur og køyring saman med utstillingsplass. Stallane i Øyane stod klare til bruk våren 1954. I ettertid har det jamt berre vore gjort mindre førefallande vedlikehaldsarbeid, og anlegget har såleis sterkt trøng for omfattande vedlikehald.



Hingsteutstillinga på Nordfjordeid, som har røter attende til 1886, er den viktigaste årvisse hendinga for fjordhestavlen. Nordfjord Fjordhestlag set svært stor pris på både utstillinga og på den breie oppslutninga, og ønskjer å arbeide for å sikre at Eid også i framtida kan fungere som fast utstillingsstad. Slik stallbygninga står i dag, stettar den ikkje krava til tryggleik, og heller ikkje til funksjonalitet og estetikk.

**Golf** På Stokkenes er det frå tidlegare etablert ei golfbane med seks hol. Anlegget vart bygt ut utan støtte frå kommunen eller med spelemidlar. Golfbana på Stokkenes er no blitt utvida til ei 9-hols bane med nytt vatningsanlegg. Nordfjord Golfklubb fekk utbetalt

krone 1 000 000,- frå spelemidlane i 2011 og kr 510 000,- i 2012. Mange unge i alderen 13-19 år har medlemsskap i golfklubben.



**Ved neste revisjon er det ønskjeleg å ta inn informasjon også om følgjande idrettar i kommunen: handball, gymnastikk og turn, alpint, orientering, kamsport, dykking og volleyball.**

## Eigenorganisert fysisk aktivitet

Det har vore fokusert på tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet gjennom utvikling av nærmiljøanlegga ved skulane. Her vert det lagt til rette for variert aktivitet i dei unge sitt nærområde. Aktiviteten skal vere på barn og unge sine eigne premissar. Areala rundt barnehagane er også tilgjengelege etter barnehagane sine opningstider.

Det vert også lagt til rette for ulike former for eigenorganisert aktivitet i idrettsanlegga i krinsane. I samarbeid mellom skulane og dei lokale idrettslagene vert anlegga leigd ut gratis til grupper som «gubbetrim», badminton, innebandy, seniortrim og liknande.

Ny fotballbane ved Valhall skal stå tilgjengeleg for alle og skal vere med på å få opp aktivitetar hjå ungdom også utover den planlagde organiserte aktiviteten.

Kommunen har produsert turkart og turbok som er med på å stimulere til fysisk aktivitet. Midtre Nordfjord Turlag arrangerer fellesturar for barn og vaksne. Idrettslagene i dei ulike bygdene har plassert ut loggbøker på aktuelle turstadar som inngår i "Fjelltrimmen" i kvar bygd. Dette er tiltak som kan vere med på å auke aktivitetsnivået.

Gjennom jeger og fiskeforeininga vert det gjennomført kurs og prøver som førebuing til jakt og godkjenning av hundar. Jakt og fiske aukar i seg sjølv aktiviteten. Speidaren, 4H og andre friluftsorganisasjonar gjer ein god jobb i høve til å synleggjere gode haldningar og moglegheiter til å nytte dei fine og tilgjengelege områda vi har i Eid kommune til turaktivitet, både sommar og vinter.

I planane for utbygging av Nordøyrane er store deler sett av til aktivitetar som sandvolleyball, ballaktivitetar, badeplass, grillplass, treningsapparat, leikeområde, utescene, trampoline, flytebrygge, bordtennis og liknande.

Kommunen ønskjer å betre forholda for eigenorganisert fysisk aktivitet og vil arbeide for at nye idrettsanlegg som vert bygde med garderobar, vert bygde slik at garderobane enklast mogleg kan nyttast av publikum som driv eigenorganisert trening, eller idrettslag som driv trening på andre anlegg i nærleiken.

## Frisklivssentral

Eid kommune planlegg etablering av frisklivssentral. Frisklivssentralen skal hjelpe og støtte folk som ynskjer å endre levevanar primært innan fysisk aktivitet, kosthald og tobakk for å få bedre helse og livskvalitet. Ein treng ikkje vere sjuk eller ha ein diagnose for å kome i kontakt med ein Frisklivssentral. Frisklivssentralen vil kunne hjelpe folk til å finne eigen motivasjon til å endre vanar. Målet er at ein skal oppleve eigenmeistring, og få støtte til å gå vidare på eiga hand og eventuelt nytte seg av aktuelle tilbod i lokalmiljøet for å vedlikehalde sunne levevanar for god helse.

## Symjehall – publikumsbadning

Symjebassengen i idrettshallen er ope for publikum tre dagar i veka (tysdag, torsdag og fredag). Temperaturen desse dagane skal halde 29°C.

Det er om lag 110 vaksne og 145 barn som kjøper enkeltbillett kvar månad og det vert seld om lag 15 klippekort.

Eid kommune har omlag 2 mill. kroner i leigeinntekter årleg frå utleige av Idrettshallen. Av dei betalar Eid symjeklubb 150 000,- kroner, Eid vidaregåande skule 780 000,- kroner og andre lag og organisasjonar i Eid omlag 1 million kroner (tal frå 2012).

## Treningsstudio/tilbod private aktørar

Aktiv trening Eid har mellom 250 til 300 medlemer. Treningssenteret har tilbod om gruppetrening, eigentrening og personleg trening. Innanfor gruppetrening er det tilbod om spinning, pilates, ulike styrketimar, yoga, zumba og trim på dagtid. Blant ungdomar er det mange medlemer (16-19 år) som ønskjer å trenе på eigenhand. Medlemene har tilgang til treningssenteret mellom 05:00 og 23:00 kvar dag heile året. Medlemsskap på senteret kostar 429 kroner pr. månad for ordinært medlemskap og 369 kroner for studentmedlemsskap.

### Tiltak

- Redusere halleiga i idrettshallen med 15% (frå dagens satsar) (5.22)
- Tidtakarbod i Idrettshallen (5.22)
- Nytt lydanlegg i Idrettshallen (5.22)
- Lage ei informasjonsbrosjyre om kultur og fritidstilbod, frivillige lag og organisasjonar og anna nytig informasjon knytt til fritida til innbyggjarane i kommunen (3.6 og 3.7).
- Oppfølging og kursing i bruk av tilskotsportalen (5.7).
- Gjennomføre ei brukarundersøking symjehall/tilbod (5.22)
- Etablere frisklivssentral (3.6 og 3.7)
- Kartlegge aktivitetsnivået blant vaksne i Eid kommune (3.6 og 3.7).

### Tiltak anlegg

#### Ordinære anlegg:

- Eid IL fotball kunstgrasbane v/Valhall (2.2 og 2.4)
- Rehabilitering av stallhus Øyane (5.16)
- Skyttarlaga i Eid Innandørs miniatyrskytebane på Mehl (2.2)
- Fellesanlegget Tua renovere standplassar (5.6)
- Fellesanlegget Tua renovere servicebygget (5.6)
- Haugen skyttarlag Espe skytebane elektriske skiver 200m (5.6)
- Eid kommune Sanitæranlegg Nordøyrane (5.10 og 5.5)

#### Nærmiljøanlegg:

- Haugen IL Klenkarberget fleirbruksområde 1) Hopp og kast 2) Laup 3) Sandvolleyballbane (2.2)

# 6. Parkar, friområde og aktivitetsanlegg



**Friluftsliv** er i Stortingsmelding 39 (2000-2001) definert som «opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøendring og naturoppleving».

Denne stortingsmeldinga gir også dei nasjonale måla for friluftslivet i Noreg, mellom anna at «alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremmande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles».

Tilrådd prioritering under **anleggsdelen** er:

- Turløype rundt Eidselva
- Ridesti Hågaåsen

Dei aller viktigaste **tiltaka** er:

- Legge til rette 3 nærtrimturar
- Kartlegging attraktivitet/bruksfrekvens parkar og grøne område

*Allemannsretten gjev  
rett til:  
Fri ferdsel til føts og på ski  
Å ri og sykle på stiar og vegar  
Rastning og overnatting  
Å bade, paddle, ro og bruke  
seglbåt  
Å plukke bær, sopp og blomster  
Å fiske etter saltvassfisk*



Friluftsliv omfattar svært mange aktivitetar som kan gi mykje glede og gode naturopplevingar. I eit folkehelseperspektiv er det viktig å legge til rette areal på ein slik måte at folk kjem seg



meir ut og blir meir aktive. Areala for rekreasjon bør vere store nok til å fylle dei funksjonar og behov dei er tiltenkte.

Aktiviteter knytt til friluftsliv og naturoppleving		
Turgåing	Roing	Piknik
Riding	Jakt	Naturfotografering
Hundehald	Fiske	Fuglekikking
Klatring	Sykling	Sopp- og bærsanking
Dykking	Bading og soling	Naturstudiar
Segling	Speiding	Orientering
Surfing, kiting m.m	Ski og skøyter	Teltning
Padling	Aking	Leik og aktivitet
Paintball	Jogging	Trimming

småbåteigarlag, rideklubar, idrettslag som organiserer skiskyting, snowboard, alpint og mange skyttarlag.

Nyare undersøkingar frå Vestlandsforsking og Austlandsforsking viser at friluftslivet framleis står sterkt i befolkninga, både i forhold til interesse, faktisk utøving og verdsetting. Hjå ungdom er det ikkje berre motiva ro, ettertanke og naturoppleving som står i sentrum, men også positive verdiar som spenning og meistring og det å ha det gøy saman med andre.



Eid har gode og varierte moglegheiter for friluftsliv, både knytt til nærområde og til større naturområde. Særleg verdifulle er område knytt til vatn, kulturlandskap og fjellet.

Nærturområde	Område som ligg nær bustadområde, slik at ein ikkje er avhengig av bil for å kunne bruke området dagleg.
Dagsturområde	Dekkjer eit større område. Tilrettelegging i form av løypemerking, informasjon og kvilebuer eller gapahukar.
Langturområde	Eit større samanhengande naturområde for turar over fleire dagar, med løypemerking og overnatningshytter.

For friluftslivet er det vanskeleg å presentere eksakte tal sidan mykje er eigenorganisert aktivitet. Likevel finst der nokre tal som ein kan støtte seg på.

Sogn og Fjordane turlag har 5741 medlemer og 16 lokallag. Dette gjer dei til ein av dei største friluftsorganisasjonane i Sogn og Fjordane. Midtre Nordfjord Turlag, DNT-laget for Eid og Gloppen kommune, har til saman 450 medlemmar. Turlaget har også Barnas Turlag Eid og Barnas Turlag Gloppen under seg.

Eid kommune har mange aktive miljø som har aktivitetar innan friluftsliv. Mellom anna 4H-klubar, speidarar, turlag, dykkarklubb, sportsfiskarlag,

**Det er ønskjeleg ved neste revisjon av planen å kartlegge kva slags mål og strategiar ein skal ha innan friluftsliv i kommunen. Til dømes kva slags behov det er for tilrettelegging av: Innfallsportane til dei store friluftsområda i kommunen (m.a. parkering), oppsetting og vedlikehald av informasjonstavler, merking og rydding av løyper, tilgang til sjø og vatn og nærrimturar. Det er også viktig å sjå nærare på korleis kommunen kan støtte opp om det arbeidet som frivillige lag og organisasjoner gjer med omsyn til tilrettelegging for fysisk aktivitet i naturen og tiltak knytt til informasjonsarbeid.**

## Grønstruktur

Natur med vegetasjon, fuglar og dyr, moglegheit for aktivitet, moglegheit for å søkje stillheit og oppleving av kulturelementa og landskap, er viktig for at dei nære turområda skal bli attraktive for ulike grupper av Eid si befolkning.

Dei nære naturområda bør også ha plass til andre aktivitetar og tilfredsstille behov som med tida dukkar opp. Dette gjeld spesielt dei deler av grønstrukturen som er knytt til bustadområda. Det kan vere ønskje om

ulike ballaktivitetar, leik i naturlege omgivnader, aking, bygging av leikehytter og 100 meters skog (leikeskog) m.m.

Grønstrukturen i Eid kommune er prega av nærliek til naturen. Sentrum og grendene si form og plassering i natur- og kulturlandsskapet gjev kommunen ei tydeleg grøn ramme. Vegetasjonen strekkjer seg inn i sentrumsområda der også viktige funksjonar som idretts-, nærmiljø- og skuleanlegg ligg. Tre og annan vegetasjon på privat grunn gjev eit flott innspel mange stader.


Deler av grønstrukturen er viktige symbol for Eid si historie og identitet. Dette kan til dømes vere hagar, parkar og kyrkjegardar. Vassdrag, bekkedrag og fjell knyt band tilbake til det opphavlege landskapet og gjev områda ei historisk forankring.



## Turvegnett

Tal frå Norsk Monitor for perioden 1985 til 2009 viser at fotturar i skog og mark er den mest typiske form for fysisk aktivitet. Turstiar og – løyper samt større utmarksareal er dei anlegga og områda som vert mest nytta.

I Eid kommune har ein kome langt i å promotere dette ved hjelp av turkart i turboka «Til fjells».



I Eid kommune finn ein både nærturområde og dagsturområde. Her er også område ein kan kalle langturområde som strekk seg over fleire kommunar. I Fylkesatlaset er Heggjadalen, Fladalen, Frisliddalen og

Hjelmelandsdalen registrerte som regionalt viktige friluftsområde. Områda vert nytta som utfartsområde/rekreasjonsområde heile året, og er nokre av dei mest populære utfartsområda i kommunen.

Landsmøte til Den norske turistforeining gjekk i juni 2013 ut med ein resolusjon og råd for betre livskvalitet og folkehelse i Noreg: «Tilgang til tursti innan 500 meters avstand frå boligen». DNT utfordrar norske myndigheter, både nasjonale, regionale og lokale, til å sørge for at folk kan bruke og oppleve naturen gjennom gode gang- og sykkelvegar, merka stiar og skiløyper, tilrettelagde møteplassar i lokalmiljøet, og i utfartsområde.

For å få fleire til å vere fysisk aktive i kvardagen, er tilgang til turområde og turstiar i nærliken til bustadområda viktig.

Eit nærturområde som er mykje nytta av innbyggjarane på Nordfjordeid er området rundt Eidselva/Eksersisplassen Malakoff. Det er ønskjeleg å legge til rette området i enda større grad for turmoglegheiter ved etablering av turveg rundt Eidselva.

Sikring av eksisterande tilhøve i naturen for friluftslivet er ein sentral del av arealforvaltninga i kommunen. I kommuneplanen sin arealdel vert friluftsområda lagt ut som kombinerte landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Svært mykje areal i Eid er lagt ut til dette føremålet. Mange tiltak for å auke friluftslivet særleg i dei meir tettbygde områda, krev at arealet er regulert til friområde for å sikre bruk.

Fylkesmannen har registrert og vurdert ei rekke område av naturverninteresse i Eid. I rapporten EDNA er ei liste over ulike verneområde. Eid har to naturreservat, Åsane og Lindvik, begge i samband med vern av edellauvskog. I tillegg er ein holme i Heggjadalsvatnet freda.

Hjellesetra i Eid kommune er eit av seks område i fylket som er med i rapporten over "Verdifulle kulturlandskap i Noreg". Setra representerer eit heilskapleg støyldsmiljø, og vert sett på som svært verneverdig og har stor prioritering for forvaltninga. Områdeskildringa seier at setra er særeigen og svært vakker. Dei tekniske anlegga

har ei praktisk plassering og er med på å gjere området interessant. I tursamanheng er setrar eit turmål i seg sjølv, på lik line med fjelltoppar og vatn. Restaurering av setrar fører også til auka fysisk aktivitet for svært mange.



## Hundehald

Hundeigarane er ein av dei store brukargruppene av Eid kommune sine friområde. Lov om hundehald av 4. juli 2003 krev mellom anna at eigarar held hunden i band frå 1. april til 20. august.



Det er ikkje tilrettelagde område kor hundar kan trenast og luftast utan band heile året. Eid hundeklubb har inngjerda treningsbane på Plassen, men berre for medlemer i hundeklubben.

## Ridestiar

Riding er både ein idrett og ein friluftsaktivitet. Forvaltningsmessig vert rideanlegg handterte som idrettsanlegg. Riding er ein viktig aktivitet for mellom anna jenter frå 13-19 år.

## Ridesti Hågaåsen

Grunngjevinga for framlegget er eit stort behov for ny køyre- og ridesti til utmarka, då det ikkje er tilrettelagt for bruk av hest i sentrumsnære område. Dette fører til

konflikt mellom "hestefolket" på den eine sida og nokre av dei fastbuande/grunneigarar på den andre sida.

Det har vore arbeidd mykje med å realisere planane om ein køyre- og ridesti som kan gjere det enklare for "hestefolket" å kome seg ut i utmarka. Anlegget er "grovt" rekna til 1,7 mill kroner, og er tenkt samordna og utbygt i same trase som ny røyrgate til vassverket/reinseanlegget på Vårsetra.

## Ridesti over Fossane

Harpefossen Skisenter AS har planlagt å byggje ridesti/turløype som eit friluftsanlegg frå Harpefossen og over fjellet sør-austover til Fossane ovanfor Nordfjordeid. Tanken bak prosjektet er å få til gode tur- og ridemoglegheiter i Eid og knyte saman Hjelmelandsdalen og Eid sentrum med ein god tursti/ridesti. Samtidig vil også grunneigarane få lett tilgang for jakt, skogdrift og tilsyn med beitedyr. Tiltaket er delt inn i tre prosjekt, Tippadalsvegen, Kvanndalsvegen, og Tippaskarråsa.

**Ved neste revisjon av kommunedelplanen er det også ønskjeleg å kartlegge behov for ridestiar også i dei ulike bygdene i kommunen.**

**Det er også ønskjeleg med ei kartlegging av aktivitetar knytt til sjø og vatn slik som padling, segling og dykking.**

## Parkar

Eid kommune har fleire grøne offentlege rom. Parkar, leikeplassar og liknande med ulik opparbeidingsgrad.



Det er utarbeidd eit eige anleggsregister og ein eigen skjøtselsplan for grøntanlegga i kommunen. Nordfjordeid har tre parkar. Maurstadparken, Eksersisplassen Malakoff og Kyrkjeparken. I bygdene er hovudsakleg grøntanlegga knytt til skulane.

## Aktivitetsanlegg

Utandørs aktivitetsanlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet er i hovudsak knytt til bustad- og/eller oppholdsområde, skulegårdar, nabolagsparkar, eller idrettsanlegg. Aktivitetsanlegg er berekna for eldre barn og ungdom, men også for dei lokale innbyggjarane elles. Området skal vere allment og tilgjengeleg. Aktivitetsanlegg er både anlegg som går under spelemiddelordninga som «nærmiljøanlegg» og anlegg for andre typar aktivitetar. Overgangen mellom aktivitetsanlegg og leikeplassar er glidande. Aktivitetsanlegg kan til dømes innehalde fotball, handball, basketball, streetbasket, skating, sandvolleyball, boule, sykkelfross, turn, skøyting, klatring, aking, bordtennis, tennisbanar med meir. Aktivitetsanlegga har vist seg å vere gode tiltak for å auke fysisk aktivitet hos eldre barn.

### Aktivitetsanlegg for eldre

Aktivitetsanlegg vert først og fremst brukt av ungdom og unge vaksne for fysisk aktivitet. Prognosane for folketalet syner at delen eldre vil auke kraftig framover mot 2025. Etterspurnaden etter aktivitetsområde for vaksne og eldre vil kome til å auke. Parkar, friområde, møteplassar, leikeplassar og aktivitetsanlegg bør i større grad leggast til rette slik at dei blir meir attraktive møteplassar også for den eldre delen av Eid si befolkning.

I Eid kommune har vi følgjande anlegg:

Antall	Type	Plassering	Eigar / drift
1	Skatepark	Idrettshallen	Eid kommune
5	Sandvolley-ballbane	Nordøyrane/bak Esso	Normatic
		Eid vgs. (2 stk)	Sogn og fjordane fylkeskommune
		Hjelle skule	Eid kommune
		Heggjabygda grendahus	Heggjabygda idrettslag
1	Downhill sykkelfross	Hjelmelandsdalen	Harpefossen Skisenter As
7	Ballbinger	Grunnskulane	Eid kommune

I tillegg til nemnde anlegg i tabellen er det også andre mindre anlegg i nærleiken av dei ulike skulane i kommunen.

Ved Eid idrettshall skal den noverande skateparken byggast ut med fleire moment – byggetrinn II - i løpet av 2014.

## Leikeplassar

### Kommunale leikeplassar

Driftsavdelinga i Eid kommune har ansvaret for sikkerheita på kommunale leikeplassar. I sentrum har vi tre leikeplassar, Kyrkjeparken, Valhall og Badstutomta. Både leikeplassen ved Valhall og Badstutomta er bygde i samband med barnehagedrift som no er nedlagt. Det er også ein mindre leikeplass ved Eid kyrkje. Leikeplassane må ha eit føreseieleg vedlikehald både med omsyn til funksjon og sikkerheit. Kor ofte leikeplassutstyr og fallunderlag skal ettersjåast er fastlagt i «Sikkerhetsfakta nr. 9» Produkt og elektrisitetstilsynet.



### Leikeplassar i samband med bustadområde

I Eid kommune har vi areal avsett til leikeplassar i bustadområde. I dei fleste tilfelle eig kommunen grunnen. Alle som har fått tildelt grunn for å lage leikeplass av Eid kommune og driv ein leikeplass (til dømes velforeining / burettslag) har ansvar for at barn ikkje unødig vert utsette for risiko. "Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr" omfattar nytt og gammalt utstyr, også eigenprodusert, som er laga for leik.

I område sett av til felles leikeareal i samband med bustadområde er det ønskjeleg å etablere avtaler med velforeiningar for oppfølging og drift.

Kommunen ønskjer å gjennomføre tilstandsettersyn før tiltak og avtale vert etablert. Kommunen ønskjer vidare å hjelpe til i oppstartfasen med mellom anna informasjon og rettleiing.

Område for variert fysisk aktivitet og oppleveling er viktige for fysisk aktivitet i kvardagen hjå barn og unge i Eid. I all arealplanlegging og forvaltning ønskjer kommunen at slikt areal skal sikrast som ein del av bummiljøet/nærmiljøet. Ved omdisponering av slike areal vil ein syte for at det vert skaffa erstatningsareal. Ved omdisponering av areal i område som ikkje er avsett til slikt formål, men som ein kjenner til vert brukt til slikt formål, må ein også vurdere å skaffe eit erstatningsareal.



**Ved neste revisjon av kommunedelplanen er det ønskjeleg å kartleggje følgjande:**

**Binder turvegane friareala saman på ein måte som gir innbyggjarane tilgang til friareal og turopplevelingar med utgangspunkt i eige nærmiljø?**

**Kor mykje av areal for leike- og rekreasjonsområde er sikra gjennom kommunal regulering?**

**Sikrar vi parkareal i tilknyting til dei grøne korridorane?**

**Er areala for rekreasjon lett tilgjengelege frå der folk bur/ planlagde byggefelt? Kva er status for kor lang veg bebuarane i Eid kommune har til nærmeste turveg.**

**Kva slags «krav» har kommunen til minimumsareal knytt til leikeplassar i nye byggjefelt /nye utbyggingsområde?**

**Oversikt over badeplassar:**

- Tilgjengeleight
- Utfordringar
- Universell utforming

**Ved neste revisjon av kommunedelplanen er det også ønskjeleg å sjå nærmare på resultata av undersøkinga «Barnetråkk» som skal gjennomførast hausten 2013. Undersøkinga vil mellom anna gi oss informasjon om kva slags friområde som er viktige for barn.**

## Tiltak

- Utarbeide tre nærtrimiturar i samarbeid med Eid Frivilligsentral (5.8, 5.9, 2.5, 5.5, 5.18, 2.11).
- Utføre ei kartlegging av- «Korleis kan attraktiviteten og bruksfrekvensen verte auka i parkar og grøne område» (5.8, 5.9, 2.5, 5.5, 5.18, 2.11).
- Sette av pengar til vedlikehaldsfond for turstiar /turvegar/turløyper i heile kommunen (5.8, 5.10, 5.13, 5.16).
- Utføre ei kartlegging knytt til KOSTRA - rapportering.
- Etablere avtaler med velforeiningar/andre for oppfølging og drift av leikeplassar (3.7, 2.2, 3.14, 5.17).
- Kartlegge og utarbeide tilstandsrapport av leikeplassar på kommunal grunn knytt til bustadområde (3.7, 2.2, 3.14, 5.17).
- Kartlegge badeplassar med omsyn til tilgjengeleghet, utfordringar og universell utforming (5.5, 2.5, 2.8, 5.9, 5.10, 5.13, 5.18, 2.11, 3.14).
- Etablere friluftsråd (5.5)

## KOSTRA Rapportering:

Kva er samla areal for leike- og rekreasjonsområde både i og utanfor tettstader i kommunen?

Kor mykje av dette arealet er tilrettelagt etter prinsippa om universell utforming?

Kor stort areal av friluftslivområda har kommunen rådigheit over gjennom offentleg eige?

Kva er samla lengde turveg, turstiar, og løyper tilrettelagde for sommarbruk?

Kva er samla lengde skiløyper planlagde maskinpreparert, gitt normale skiforhold?

Spørsmål er også presiserte med kommunalt driftsansvar.

## Tiltak anlegg

### Ordinære anlegg:

- Eid kommune turløype rundt Eidselva (2.4, 5.5, 5.8, 5.9, 5.13, 5.16, 5.17, 5.18, 3.7, 3.14)
- Eid kommune ridesti Hågaåsen (2.4, 5.5, 5.8, 5.9, 5.13, 5.16, 5.17, 5.18, 3.7, 3.14)
- Eid kommune baderampe for funksjonshemma Nordøyrane (2.4, 5.5, 5.8, 5.9, 5.10, 5.13, 5.16, 5.17, 5.18, 3.7, 3.14)

# 7. Uteanlegg ved kommunale institusjonar

(skular, barnehagar, sjukeheim og andre kommunale institusjonar)

Driftsavdelinga i Eid kommune har ansvaret for uteområda ved kommunale bygg. Dette inkluderer mellom anna uteområda ved barnehagar, skular og sjukeheimen. Anlegga sine kvalitetar er viktige for brukarane sin aktivitet og trivsel.

## Barnehagar og skular

Først og fremst skal uteområda fungere som barna/elevane sin leike- og aktivitetsarena på dagtid, men den er også ofte ein attraktiv møteplass for barn og unge på kveldstid og i helgane. Utearealet må leggast til rette både for organisert læringsarbeid og for eigenorganiserte aktivitetar. Høg funksjonsmessig og estetisk kvalitet er viktig.

Utfordringar er avgjerande for motorisk utvikling. Leikeområde som fokuserer på tredimensjonal leik og sansemotorisk trening stimulerer barn si nysgjerrigkeit. Med tredimensjonal leik meiner ein at ein legg til rette for aktivitetsanlegg der barna kan leike saman og kombinere ulike apparat; dermed vert fysisk aktivitet kombinert med sosialt samspel.

Ulike soner for ulik aktivitet vil gi eit allsidig og funksjonelt uteområde. Dette kan vere soner for stille leik, for naturleik og rolleleik, soner for fart og spenning, soner for læring (urtehagar, steinsamlingar, former, matematikk) med fleire. Uteområda må gi eit rikt utval av moglegheiter for leik og aktivitet i dei ulike årstidene. Vidare er det viktig å legge til rette for at alle barnehagar og skular



har gode og trygge tilkomstvegar til grøntareal. Det vil gjøre det enklare å nyte desse areala og anlegga for fysisk aktivitet som grunnlag for pedagogisk verksemد.

Eid kommune har ansvar for uteområda ved fire barnehagar. Uteområda skal stimulere til aktivitet både i og utanfor opningstidene. Barnehagane og skulane nyttar aktivt nærområda til turar og ekskursjonar.

Ved Barneskulane i kommunen er det gymnastikksalar av ulik storleik. Med unntak av gymnastikksalen ved

Nordfjordeid skule og Haugen skule, er gymnastikksalane av nyare dato og i god stand. Desse dekkjer i stor grad behova for lokale til innandørs aktivitet rundt om i krinsane. Gymnastikksalane ved skulane vert i hovudsak stilt fritt til disposisjon for brukarane.

### Fleirbruks Hall ved Nordfjordeid skule

Eid kommune planlegg å byggje ein ny fleirbruks hall ved Nordfjordeid skule. Gymnastikksalen ved Nordfjordeid skule vart bygd på 1960-tallet og stettar ikkje dagens behov. Sanitærforhold og andre fasilitetar er därlege, gymnastikksalen manglar tilrettelegging for funksjonshemma og det er liten plass for elevar og utstyr. I økonomiplanen for 2013-2016 vart behovet for ny gymsal skissert med eit arealbehov på 800-2000m<sup>2</sup>, og ein kostnad på kr 16-40 mill. I kommunestyresak 120/12 vart det sett opp ei investering til ny gymnastikksal /fleirbruks hall ved Nordfjordeid skule i 2015 på 12.8 mill. kroner eks. mva. (16 mill.kr inkl. mva). I Formannskapsak sak F-229/13 vart følgjande delvedtak i budsjett/økonomiplan pkt 1b fatta:


b. Ny fleirbruks hall ved Nordfjordeid skule skal byggast med utvida banestorlek tilsvarende handballbane, men elles med fasilitetar som skissert i føreliggande prosjektplan. Prosjekt- og romplan og tippemiddelsøknad skal tilpassast dette. Det skal snarast råd leggast fram ei sak som syner revidert kostnad-/finansieringsplan for ei slik utvida halløsing. Ein føreset at auke i brutto kostnadsramme for prosjektet er omlag 9 mill. kr, og at ca 1/3 av dette vert finansiert av spelemidlar. Saka skal også innehalde ein skisseplan for best mulig samla utnytting av arealet ved Nordfjordeid skule med ny fleirbruks hall, gode uteareal og muligheter for evt framtidig utbygging av klasseromsarealet. Ei aktivitetsflate på 25X45m vil vere tilstrekkeleg storleik for skulen sitt behov og for at einskilde idrettar, kan avlaste idrettshallen på kveldstid.

### Sjukeheimar og andre kommunale institusjonar

Uteområda ved kommunale institusjonar som sjukeheim, aldersheim eller omsorgsbustader er viktige område for bebruarane. Attraktivitet og universell utforming er viktige moment.

Det meste av tida er bebruarane på institusjonane, difor bør det vere gode moglegheiter for å sjå vakre blomsterplantingar, tre, hageanlegg og skiftande årstider, både ved opphold i uteanlegg og sett innanfrå gjennom vindauge.

Eid kommune planlegg å byggje ny sjukeheim i nærleiken av allereie eksisterande sjukeheim. Det er krav til universell utforming og sansehage rundt nybygget. Det er også gode høve for utforming av ein tilrettelagd tursti i området rundt desse bygga. Ei fin rundløype som knyter sjukeheim, Eid Eldretun, Myroldhaug/hestesenteret og kringliggende område kan utbetraast med mindre kostnadskrevjande tiltak.



## Tiltak

- Innføre 45 minutt fysisk aktivitet kvar dag, som ein integrert del av undervisninga på Eid ungdomsskule, Stårheim skule, Haugen skule, Nordfjordeid skule, og Hjelle skule (3.14)
- Etterutdanning og vidareutdanning i fysisk aktivitet både for barnehagane og grunnskulen (3.14).
- Etterutdanning og vidareutdanning på korleis ein kan nytte fysisk aktivitet i arbeidet med å nå læringsmål i fag på grunnskulen (3.14).
- Investerings- og vedlikehaldsplan for uteområda ved barnehagane og grunnskulen (2.4, 3.14).
- Kartlegging og tilrettelegging av grøne friareal som ligg i nærområde til barnehagane og skulane i kommunen (2.4, 2.5, 2.11, 5.13, 5.18, 3.7, 3.14).
- Tilrettelegging Turveg Myroldhaug /sjukeheimen (2.4, 3.7, 5.5, 5.8, 5.9)

Dei nemnde tiltaka knytt til skulen sine areal vert innarbeidde i komande oppvekstplan for Eid kommune som skal vedtakast 2014.

## Tiltak anlegg

### Ordinære anlegg:

- Eid kommune fleir brukshall ved Nordfjordeid skule

# 8.Harpefossen skisenter AS


Harpefossen Skisenter AS er eit komplett anlegg for friluftslivaktivitetar både sommar og vinter. Turløpenettet er under stadig utviding og løyper som vert preparerte til langrenn vinterstid vert nytta til vandring, riding og sykling om sommaren. Det er merka eit omfattande turløpenett i dalen og på fjellet. Skilt og informasjonstavler er sett opp ved parkeringsplassar og i stikryss. Harpefossen er eit anlegg som aktiviserer folk i alle aldrar i både organisert og i eigenorganisert aktivitet.

Frå Harpefossen Skisenter ligg det føre fleire innspel om nye /renovering av gamle anlegg i ulike deler av Hjelmelandsdalen. På Furuhågane ligg det fleire innspel i samband med utbygging av aktivetsområde. Føremålet med denne satsinga er å knyte saman eksisterande anlegg i eit nytt og større løpenett med auka trafikk og utvida brukstid, eit meir familievennleg

løpenett, samt å flytte deler av aktiviteten til meir snøsikre område og dermed sikre meir varierte konkurrans- og treningsmoglegheiter for alpinsporten og publikum elles. Harpefossen Skisenter ønskjer også å bygge ut fleire turløyper med lys/ ridestiar / turvegar og stiar. Skiskyttarstadion og løpenettet rundt er under oppgradering og vil i løpet av kort tid framstå som tidsriktig og godt tilpassa den store aktiviteten som er innan skiskyting. Anlegget vert nytta til trening og konkurransar både innan skiskyting og langrenn.



Bileta i kapittel 8 er henta fra heimesida til Harpefossen Skisenter AS



### **Harpefossen Skisenter AS har som visjon å vere:**

"Eit skisenter i regionen for heilårs friluftsbasert reiseliv, med attraktive tilbod og spesiell fokus på ski og vandring. Anlegga skal vere godt tilrettelagde for aktive utøvarar innan alpint og skiskyting/langrenn, og den gjensidige avhengigheita mellom den kommersielle reiselivsdelen og den sportslege satsinga skal vere Harpefossen sitt fremste verkemiddel for å kunne utvikle anlegga vidare».

### **Harpefossen Skisenter AS har følgjande målsetnad:**

«Harpefossen skal innan 2020 vere etablert blant dei 30 største skisentra i landet både når det gjeld storleik og omsetnad, samstundes med at ein framleis skal ha positive driftsresultat og ei lånegjeld som ikkje er høgare enn den årlege omsetnaden. Harpefossen skal ha godt etablerte kommersielle og ikkje-kommersielle

aktivitetstilbod både sommar og vinter, med moderne og tidsriktige anlegg som kan driftast og haldast ved like innanfor dei økonomiske rammene som aktivitetane samla bidreg med. Harpefossen skal ha stor breidde og toppar regionalt og nasjonalt når det gjeld aktive løparar innan skiskyting / langrenn og alpint. Og samstundes som Harpefossen skal sikre deira moglegheit for sportsleg satsing, skal dei som utøvarar vere med å setje Harpefossen på kartet.

Harpefossen skal vere etablert som ein viktig faktor for at folk som ynskjer å bu i regionen og aktivt vere med å gjere at folk flyttar til regionen. Harpefossen skal vere etablert som ein betydeleg og attraktiv arbeidsgjever med heilårs arbeidsplassar innan ulike kategoriar som anleggsdrift, booking, marknadsføring, utleige, kurs, service, servering, utbygging og administrasjon»

(Presentasjon skriven av Harpefossen Skisenter AS for Eid kommune 06.02.2012)

## Tiltak

- Fast lånegaranti

## Tiltak anlegg

### Ordinære anlegg:

1. Heis Furuhogane K1
2. Klubbhus-lager Furuhogane K1
3. Nedfart Furuhogane K1
4. Heis - familie (Banktrekket) K1
5. Nedfart Furuhågane / Høgebakkloypa K1
6. Heis og klubbhøys- fjell (1987) K2
7. Heis fjell (1981) K1
8. Rehabilitering lysanlegg lysløype (PCB) K1
9. Turløype Fossane –Kvandalsvegen K1
10. Tursti Fossane – Tippaskarråsa K1
11. Turveg Fossane Tippadalsvegen K1
12. Snøproduksjon Furuhågane K1
13. Turløype Furuhågane-Fosseholtløypa K1,2,3
14. Nedfart Hammaren-Lystlighogen (Turisten øvre) K2,3
15. Turløype Brekka K3
16. Heis Steinane (erstatte H-en) K1,2
17. Snøproduksjon Hammaren/Lystlighogen (Turisten øvre) K2
18. Klubbhus Harpefossen (garderobebeanlegg) K2
19. Nedfart Skicross K2
20. Snøproduksjon utførsløype K2
21. Heis og klubbhøys- fjell (1987) (Servicebygg fjellheis) K1
22. Nedfart hovedtrase (rehab. Utforløype) K1,2
23. Tursti Tippasætra Lidasetra K3
24. Turløype Grønelidloypa K1,2,3
25. Klubbhus Harpefossen (utviding varmestova) K1,2
26. Snøprod. Fossehol/Høgbakkloyp/Turistl. K1,2
27. Nedfart Steinane (lys) (Hammaren - Steinane) K2
28. Turløype Brekkelidloypa K1,3
29. Nedfart Dalenakkloypa K1,2,3
30. Nedfart Lystlighogen / Høbakkløypa (Turistløypa) K2
31. Turløype Furuhogane - Naustdalsetra (turløype Setreløypa) K1,2,3
32. Snøproduksjon (vann naturlig fall, kunstig dam) K1.2
- 33. Klubbhus (skistadion) K1,2**
34. Heis Furuhågane (barne, barnetrekk) KK1,2
35. Lysanlegg Furuhågane (flomlys) K1,2
36. Rulleskiløype K1,2,3
37. Snøprod. Pumpe og kompressorhus K2
38. Orienteringskart Hjelmelandsdalen K2,3
39. Nedfart Skileikområde (Jibbepark, lys) K1,2

### Nærmiljøanlegg:

40. Harpefossen Skisenter AS Skiband K1,2

\*K= Kart

\* 1= kart side 40, 2= kart side 41, 3= kart side 42

Nemnde tiltak vert knytt til strategiane i punkt: 3.7, 3.14, 4.15, 5.5, 5.7, 5.16 i Kommuneplanen sjå side 12

## **Analyse av nye anlegg frå Harpefossen Skisenter AS i Handlingsdel 2014-2017**

### **Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon Furuhogane**

Snøforholda på Furuhogane er svært gode, men vi ser at dersom ein hadde noko snøproduksjon dei nedste 200 meterane ville anlegget kunne vore meir operativt enn i dag.

### **Harpefossen Skisenter AS Turløype Furuhogane-Fosseholtløype**

Denne turløypa er planlagd for heilårsbruk. For turløparar på ski om vinteren vil løypa fungere som fyrste del av ein løype opp frå Furuhogane til Kjenndalen. Om sommaren vil løypa kunne nyttast til vandring, sykling og riding. Løypa vil også fungere som ein returløype for downhillsyklistar.

### **Harpefossen Skisenter AS Nedfart Hammaren-Lystlighogen (Turisten øvre)**

Denne blå alpinløypa vil vere ein forlenging av den blå alpinløypa som går frå Lystelighogen og ned. Dersom ein nyttar kveldsavstiginga under Hammaren er einaste nedfartsalternativ i dag Botnaløypa som er svart, so behovet er stort for ei slakare løype for dei som ikkje er so røynde på ski, men også som ein variasjonsmogleheit på austsida av fjellheisane.

### **Harpefossen Skisenter AS Turløype Brekka**

Dagens turløype på ski i Hjelmelandsdalen ender på fylkesgrensa på austsida av Brekkeplatået. Dette platået er ein fint turområde og det er difor ynskjeleg å lage ein rundløype her som gjer at ein får eit meir variert løopenett for langrenn i Hjelmelandsdalen.

### **Harpefossen Skisenter AS Heis Steinane (erstatte H-en)**

Ein stolheis frå Varmestova opp til Steinane vil auke kapasiteten i hovudanlegget, men også gjøre det mogleg for fleire å kome seg opp på fjellet. Ein stolheis vil gjøre det mogleg å kome seg både opp og ned for å køyre på Furuhogane, og dermed redusere trøngten for bil-/busstransport opp til Furuhogane når det ikkje er snøforhold nedst i anlegget på Harpefossen.

### **Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon Hammaren/Lystlighogen (Turisten øvre)**

Snøproduksjon i denne planlagde blå alpinløypa, i midtre del av anlegget, vil utvide sesongen for bruk av denne løypa.

### **Harpefossen Skisenter AS Klubbhus Harpefossen (garderobebeanlegg)**

Eit garderobebeanlegg på Harpefossen mogleggjer større treningssamlingar både for alpint og skiskyting, samt planlagde opplegg for orientering. Andre arrangement innanfor frikjøring, sykling, downhill, riding etc. vil også ha stor nytte av eit garderobebeanlegg. Uorganiserte brukarar av skianlegget kan også nytte anlegget.

### **Harpefossen Skisenter AS Nedfart Skicross**

Skicross er ein skiaktivitet som er i ferd med å verte svært populær. Både for aktive kjørarar, men også for uorganisert skiaktivitet. Vi har kvart år preparert ei skicrossløype aust for Kjenndalsheisen på Furuhogane, men denne løypa vert berre nytta i helgar/feriar og når veret gir høve til kjøring der oppe. Det er difor ynskjeleg å byggje ei skicrossløype aust for fjellheisane på Harpefossen. I dette området er det allereie etablert snøproduksjon og flomlys. Ei skicrossløype som er opparbeid i terrenget, krev vesentleg mindre snø enn ei kor svingar/vant og kular må byggjast opp av snø.

### **Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon utforløype**

Utforløypa går frå toppen av fjellheisane på Steinane vestover i ei rundløype ned til Lystelighogen som ligg i nedre del av anlegget. I tillegg til at denne traseen er sentral for å avvikle alpinrenn i fartsdisciplinar, so er traseen ein god familietrase i denne hovuddelen av skianlegget. Traseen er mykje nytta i dag, og er venta å få eit oppsving når det etter planen vert rehabilert. Det er ynskjeleg med snøproduksjon i nedste delen av traseen for å gje utvida brukssesong.

### **Harpefossen Skisenter AS Nedfart (skileikområde Jippepark)**

Jibbepark er i ferd med å verte eit tilbod ein forventar i eit kvart skisenter. Det er vanskeleg å lage denne type element (hopp, kular, boksar/rails) i eksisterande trasear grunna plassmangel og feil profil i traseane. Det

er difor naudsynt å lage ein ny trase for å kunne etablere eit godt lågterskeltilbod for jibbarar. Jibbeparkane vert mykje nytta av born og ungdom, men ein slik park (blåpark) er eigentleg eit tilbod for ski- og brettkøyrarar i alle alder uavhengig av dugleikssnivå. Flomlys mogeleggjer bruk av parken også på kveldstid samstundes som det aukar sikkerheita i anlegget.

#### **Harpefossen Skisenter AS Heis og klubbhus- fjell (1987) (Servicebygg fjellheis)**

Dette er ei mini varmestove med toalett og vaktbu plassert rett ved fjellheisene for bruk av aktive utøvarar, fritidsbrukarar og vaktpersonell. Dette gjev betre utnytting av heiskapasiteten fordi ein slepp trafikk ned til botn av anlegget.

#### **Harpefossen Skisenter AS Nedfart hovudtrase (rehabilitering av utførloypa)**

Utførloypa går heilt frå toppen av fjellheisane ned til Lystelighogen. Denne løypa har stort potensiale som ein god allround trase. Kvalitetane som fartstrase i super-g og utfør, kan ytterligare og verte betre gjennom dei planlagde utbetringane. Tiltaka vil kunne gjere at løypa vert operativ med mindre snø, tidligare opning og utvida opningstid. Det viktigaste er at utbetringane (auka bredde og lengde) vil gjere løypa meir lettkjørd og sikker.

#### **Harpefossen Skisenter AS Tursti Tippasetra Lidasetra**

Denne stien vil knyte Harpefossen og Haugen saman via fjellet. Stien skal kunne nyttast til vandring, sykling og riding og moglegjere mellom anna ein rundtur frå Harpefossen via Lidasetra og tilbake via Engelandsskogen og Mørvegen.

#### **Harpefossen Skisenter AS Turløype Grønelidløypa**

Denne turløypa vil binde saman turløpenettet i dalen med Furuhogane. Løypa vert, når etablert, preparert som langrenns turløype om vinteren og til turløype for vandring, riding og sykling om sommaren. Det har tidligare år vorte kjørt skiløype på strekket, men grunna manglande drenering og elvekryssingar har ein hatt mange utfordringar.

#### **Harpefossen Skisenter AS Klubbhus Harpefossen (utviding varmestova)**

Varmestova på Harpefossen har berre 55 sitteplassar. På dei beste dagane har anlegget så mykje som 1.200 brukarar. Trongen for ein utviding er stor. Eit skianlegg bør ha ei varmestovekapasitet på 10% av maksimalt tal på brukarar. Planen er difor å utvide kapasiteten på varmestova til det dobbelte.

#### **Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon Fosseholtløypa / Høgbakkløypa / Turistløypa**

Det er heilt avgjerande for stabiliteten av drifta å få etablert snøproduksjon i desse løypene, for å kome i gang med eit heilskapleg tilbod tidleg i sesongen og for å sikre drift på slutten av sesongen når sol og mildver tæra på snøen.

#### **Harpefossen Skisenter AS Nedfart Steinane (lys) (Hammaren - Steinane)**

Det er pr. i dag ikkje flomlys heilt til topps i fjellheisane frå Harpefossen til Steinane. Det er ynskjeleg å forlenge lyset heilt til topps for å nytte større delar av anlegget også til kveldskøring. Flomlys gjev mykje betre og tryggare forhold på dagar med flatt lys. Ein vil og spare pengar når ein slepp å stenge heistraseen under Hammaren.

#### **Harpefossen Skisenter AS Turløype Brekkeliidløypa**

Denne turløypa vil gje ein ny rundløype i austre del av dalen og gje moglegheit for ei slakare oppstiging til Brekka. Løypa vil verte preparert som langrenns turløype om vinteren og tatt i bruk til turløype for vandring, riding og sykling om sommaren. Det har tidligare år vorte kjørt skiløype på strekket, men grunna manglande drenering og elvekryssingar har ein hatt mange utfordringar.

#### **Harpefossen Skisenter AS Nedfart Dalenakkliøypa**

Dalenakkliøypa er ein blå rundløype for alpint. Løypa går frå toppen av fjellheisen på Steinane og ned i Daleheida i overkant av Dalenakken, for so å svinge tilbake til påstiginga for fjellheisenane på Harpefossen. Denne løypa vil styrke familieprofilen til anlegget, og vere ein viktig løype for dei som ynskjer frikjøring i eit område som pr. i dag er vanskeleg tilgjengeleg.

## **Harpefossen Skisenter AS Nedfart Lystlighogen / Høbakkløypa (Turistløypa)**

Denne løypa går frå dagens mellomavstiging for fjellheisane på Lystelighogen austover mot Fosseholtløypa, i ein ny sløyfe vestover mot Høgebakkløypa, for så å fylgje denne tilbake til påstiginga i ein utvida trase. Målet med prosjektet er å etablere ein blå alpintrase i samband med eksisterande/planlagd heis, flomlys og snøproduksjon.

## **Harpefossen Skisenter AS Turløype Furuhogane - Naustdalsetra (turløype Setreløypa)**

Denne turløypa skal gje moglegheit for å kome seg opp og ned til Furuhogane for langrennsløparar frå Harpefossen. Kombinert med Grønelidløypa gjev dette også ein ny rundløypemoglegheit i dalen på den mest solrike sida. Dette vil mellom anna gjere det mogleg for heile familien å ha felles base på Furuhogane sjølv om nokon vil gå langrenn, mens andre vil vere i alpinbakken.

## **Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon (vann naturlig fall, kunstig dam)**

For å sleppe å pumpe alt vatn til snøproduksjon nede frå Hjalma og oppover, er det ynskjeleg å kunne få vatn frå fjellet med naturleg trykk. Dammen er planlagt å vere på 30.000 liter og det er venta at ein sparer 100.000 kWh årleg.

## **Harpefossen Skisenter AS Klubbhus (skistadion)**

Det er stor aktivitet på skiskyttarstadion med trening heile veka og konkurransar i helgane. Det er pr. i dag ingen fasiliteter med toalett, varmestove, lager etc. ved stadion. Det er difor planlagt eit servicebygg med varmestove, toalett, smørebod, sekretariat og lager.

## **Harpefossen Skisenter AS Heis Furuhågane (barne, barnetrekk)**

Heisen er planlagt bygd som ein tallerkenheis på 250 m, lik Enerskiheisen i området for skileik nede på Furuhogane. Trekket vil vere ein avlasting for Kjenndalsheisen og ein mogelegheit for dei skikøyrarane kor resten av familien vel å vere på Furuhogane i staden for i hovudanlegget på Harpefossen.

## **Harpefossen Skisenter AS Lysanlegg Furuhogane (flomlys)**

Flomlys på Furuhogane vil gjere det mogleg å bruke dette populære anlegget også på kveldstid. På dagar med flatt lys vil flomlys vere gunstig også for sikkerheita.

## **Harpefossen Skisenter AS Rulleskiløype**

Denne planlagde rulleskiløypa ligger i tilknyting til skiskyttarstadion og gjev mogelegheit for heilårs trening i dette anlegget. Rulleskitrening langs bilvegar er forbunde med stor fare og det er difor ønskjeleg å ha rulleskitrening i bilfrie løyper, samstundes som skyting kan vere ein del av økta.

## **Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon Pumpe og kompressorhus**


For å kunne produsere nok snø i dei lågliggende traseane er det heilt avgjerande å ha tilstrekkeleg kapasitet/lufttrykk for å kunne pumpe ut vatn til alle snøkanonane. Talet på døgn med tilstrekkeleg kulde til å produsere snø er normalt sett svært avgrensa. Det er og driftsøkonomisk gunstig å konsentrere produksjonen for å halde lønskostnadene nede.


## **Harpefossen Skisenter AS Orienteringskart Hjelmelandsalen**


Eit orienteringskart i Hjelmelandsalen gjev mogelegheit for a arrangere o-løp, turorientering og skiorientering. Kartet vert og nyttig for ulike grupper som til dømes skuleklasser. Det er mange morosame detaljar i det varierte terrenget i dalen som gjev eit godt utgangspunkt for både konkurranse og uorganisert aktivitet.

## **Harpefossen Skisenter AS Skiband**

Dette skibandet på 70 meter er planlagt plassert frå varmestova på Harpefossen opp til område for skileik. Tilboden er heilt nytt og vert eit lågterskeltilbod for dei skikøyrarane med minst erfaring. Tilboden er og eit svært nyttig supplement til skiskule, nybyrjarkurs og fri aktivitet. Ein kan og nytte skibandet i samband med aking.







## 9. Handlingsdel

Tiltak / anlegg 2014-2017	Status	Driftsutgifter pr. år	Anleggsstart / start tiltak - Finansiering (i 1000 kr)											
			2014			2015			2016			2017		
			Totalt	ST/F	PR	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR
Ordinære anlegg		km pr.												
Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon Furuhågane		35	700	1400									1400	
Harpefossen Skisenter AS Turloype Furuhågane-Fosseholloype		3	75	75									75	
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Hammaren-Lystlighagen		35	100	200									200	
Harpefossen Skisenter AS Turloype Brekka		12	250	250										
Harpefossen Skisenter AS Heis Steinane		500	1000	24000									24000	
Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon Hammaren/Lystlighagen		35	150	300									150	
Harpefossen Skisenter AS Klubbhus (garderobeanlegg)		25	500	1000									500	
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Skicross		8	50	100									100	
Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon utforloype		35	150	300									300	
Harpefossen Skisenter AS Nedfart (skileikområde Jippepark m/lys)		10	150	300									150	
Fellesanlegget Tua renovering av servicebygget	Ferdig	81	55	108									300	
Eid II fotball kunsigrasbane utandørs w/ Valhall	Ferdig	90	700	1200									1200	
Skyttarlaget I Eid innadørs miniatyrskitbane på Mehl		34	1000	3280									2853	
Eid kommune Rideseti Hagaåsen		10	2500	700									2500	
Fellesanlegget Tua renovering av standplassar	Ferdig	81	72	144									144	
Eid kommune turveg Eidselva		10	500	500									500	
Rehabilitering av stallhus Øyane		10	460	800									800	
Haugen Skyttarlag Espes skytebane elkr.skiver 200m	Ferdig	4	270	540									540	
Eid kommune - Baderampe for funksjonshemma		5	200	200									200	
Eid kommune - Flerbukshall Nordfjordeld skule		1300	16700	8300	16700									

Tiltak / anlegg 2014-2017	Status	Driftsutgifter pr. år	Anleggsstart/start tiltak - Finansiering (i 1000 kr)											
			Totalt			2014			2015			2016		
	km	pr.	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR
<b>Oordinære anlegg</b>														
Harpefossen Skisenter AS Heis Furuhågane	Ferdig	300	1000	5935		700	5935							
Harpefossen Skisenter AS Klubbhus-lager Furuhågane	Ferdig	350	1183	1605			1605					700		
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Furuhågane	Ferdig	350	533	928		465	928					517		
Harpefossen Skisenter AS Heis - familie		102	1000	2930			2930					244		
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Furuhågane / Høgebakkelyopa		0	56	112		112								
Harpefossen Skisenter AS Heis og klubbhus- fjell (1987)		10	369	738										
Harpefossen Skisenter AS Heis fjell (1981)		0	169	338										
Harpefossen Skisenter AS rehabilitering lysanlegg lysløype (PCB)		10	100	200			100	200						
Harpefossen Skisenter AS Turløype Fossane -kvandalstvegen		20	318	318		318						318		
Harpefossen Skisenter AS Tursti Fossane - Tippaskarråsa		20	241	241			241					241		
Harpefossen Skisenter AS Turveg Fossane Tippadalstvegen		20	570	570		580								
Harpefossen Skisenter AS Nedfart hovedtrase (rehab. Utforløype)		50	171	342		342						342		
Harpefossen Skisenter AS Turveg Tippasetrer Lidsætra		15	300	300										
Harpefossen Skisenter AS Turveg Grøneldidøyna		10	458	458		458								
Harpefossen Skisenter AS Klubbhus Harpefossen		50	600	1200								1200		
Harpefossen Skisenter AS Snøprod. Fosseholt/Høgbakkelyopa/Turistst.		25	300	600		300								
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Steinane (lys)		5	50	100								100		
Harpefossen Skisenter AS Turveg Brekkeliidøyna		8	190	380		380								
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Dalenskliøpa		30	200	400								400		
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Lystlighagen / Høhbakkelyopa		40	100	200								200		
Harpefossen Skisenter AS Turløype Furuhågane - Naustdalssætra		12	315	315								315		
Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon (vann naturlig fall)		15	700	1400								1400		
Harpefossen Skisenter AS Klubbhus (skistadion)		25	600	1200								1200		
Harpefossen Skisenter AS Heis Furuhågane (barn)		50	700	1400								1400		
Harpefossen Skisenter AS Lysanlegg Furuhågane		15	200	400								400		
Harpefossen Skisenter AS Rullestikkelype		12	700	3800								3800		
Harpefossen Skisenter AS Snøprod. Pumpes og kompressorhus		25	700	1949		700	1949							
Harpefossen Skisenter AS Orienteringskart Hjelmelandsdalen		4	100	200								200		

Tiltak / anlegg 2014-2017	Status	Driftsutgifter pr. år	Anleggsstart/start tiltak - Finansiering (i 1000 kr)											
			Totalt			2014			2015			2016		
	km	pr.	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR	K	ST/F	PR
<b>Nærmiljøanlegg</b>														
Haugen II Klenkarberget flerbruksområde (hopp og kast)	Ferdig	7				387								
Haugen II Klenkarberget flerbruksområde (laup)	Ferdig	7				327								
Haugen II Klenkarberget sandvolleyballbane		2				151						118		
Harpefossen Skisenter AS Skistand		25				600						900		

Tiltak 2014-2017	Status	Driftsutgifter pr. år	Start tilbak - Finansiering (i 1000 kr)									
			Totalt		2014		2015		2016		2017	
			K	STF	PR	K	STF	PR	K	STF	PR	K
		km	pr.									
Fast länsegaranti Harpefossen Skisenter AS Redusere hallepris i idrettshallen med 15% (fra 8 deagens settsar)												
Tidtakarbod Idrettshallen												
Nytt lydanelegg i idrettshallen												
Lage ein informasjonskioskre om kultur- og fridstilstilbod, frivillige lag og organisasjonar og anna nyttig informasjon knytt til fritida til innbyggjarane i kommunen												
Oppfølging og kursing i bruk av tilskodsportalen												
Gjennomføre ei brukarundersøking symjehallstilbod												
Etablere friskilsentral												
Kartlegge aktivitetsnivået blant vaksne i Eids kommune												
Utarbeide tre inertritturar i samarbeid med Eid Frivilligsentral												
Sette av penger til vedlikehaldsfond for turstilar turvegar/kulturopplevelser i heile kommunen												
Uttøre ei kartlegging knytt til KOSTRA- rapportering,												
Etablere avtaler med velforeiningar/andre for oppfølging og drift av leikeplassar												
Kartlegge og utarbeide tilstandsrapport av leikeplassar på kommunal grunn knytt til bustadområde												
Kartlegge badeplassar med omsyn til tilgjengelighet, utordningar og universell utforming												
Innføre 45 minutt fysisk aktivitet kvar dag, som ein integrert del av undervisninga på Eid ungdomsskule, Stårheim skule, Nordfjorddel skule, og Helle skule												
Etterutdanning og vidareutdanning i fysisk aktivitet både for barnehagane og grunnskulen												
Etterutdanning og vidareutdanning på korleis ein kan mytte fysisk aktivitet i arbeidet med å nå læringsmål i fag på grunnskulen												
Investering og vedlikehaldsplan for uteområda ved barnehagane og grunnskulen												
Kartlegging og tilrettelegging av grøne friareal som ligg i nærområdet til barnehagane og skulane i kommunen												
Tilrettelegging Turveg Myrdalstradgård /sjukeheimen												

# 10. Langtidsplan

Ordinære anlegg	Nærmiljøanlegg
Eid kommune Haugen skule ny fleirbrukskall	Eid kommune Sansehage sjukeheimen
Eid kommune Fleirbrukskall Nordfjordeid /utviding idretthallen	Eid kommune Nordøyrane skateboardbane
Eid kommune Nordøyrane sanitæranlegg	Eid kommune Fleirbruksområde
Eid kommune Eksersisplassen sanitæranlegg	Eid kommune Nordøyrane Streetbasketanlegg
Turveg m/aktivitetsløype (u.u.) Gjedalen-Furhovden	Eid kommune Nordøyrane sandvolleyballbane
Rehabilitering kart Myklebuståsen	Eid kommune Nordøyrane bordtennisbord
Rehabilitering av Eid stadion	Eid kommune Nordøyrane nettstativ
Tursti Bjørlomona til Kviefossen	Eid kommune Eid ungdomsskule volleyballbane
Eid IL fotball kunstgrasbane utandørs v/Nordfjordeid skule	Eid kommune Eid ungdomsskule aktivitetsområde
Eid IL fotball kunstgrasbane innadørs (2 alternativer)	Fleirbruksområde Kjølsdalen skule
Eid IL fotball overbygd tribuneanlegg (4 alternativer)	Eid kommune Stårheim skule volleyballbane
Haugen IL Klenkarberget kunstgras	Hjelle nærmiljøanlegg idrett/fotball
Stårheim kunstgras Stårheim stadion	Eid IL friidrett anlegg for friidrett Eid
Rehabilitering grusbane Stårheim	Stårheim nærmiljøkart
Fellesanlegget Tua barnetrek	Eid kommune Badstuplassen fleirbruksområde
Turløype Innviksdalen	Eid kommune Badstuplassen sanitæranlegg
Lageranlegg Tua	Harpefossen Skisenter AS Hinderløype
Isanlegg (eventuelt i fleirbrukskall eller utandørs)	Eid kommune Klatrepark
Kulturhistorisk turveg (u.u) Verpet - Lund	
Turløype langs Hjalma	
Rehabilitering Eid Idrettshall	
Terapibasseng m/34 graders vatn	
7'ar fotball m/integritt friidrettsdel v/Hjelle skule	
Turløype i skogen aust for Firda kaserne/Leivdalsmona	
Renovering av lysløype (Stigedalen)	
Turløype Fladalen	
Harpefossen Skisenter AS Snøproduksjon Jibbepark	
Harpefossen Skisenter AS Heis nr.2 skileikområde	
Harpefossen Skisenter AS Heis Storegga	
Harpefossen Skisenter AS Nedfart Storegga	
Harpefossen Skisenter AS Rehab. snøproduksjon hovedtrase	
Harpefossen Skisenter AS Tursti Harpefossen -Espe	
Harpefossen Skisenter AS Tursti Reset - Fjellsloka	
Harpefossen Skisenter AS Turveg Lidasettra-Halsteinslid	
Harpefossen Skisenter AS Alpinløype Øyanakken	
Harpefossen Skisenter AS Tursti Svartevatnet	